



Sunnfjord
kommune




Årsbudsjett og økonomiplan 2020-2023

Dokument ajourført i samsvar med kommunestyrevedtak KST-038/19 av 11.12.2019

Innhald


Innleiing	3
Kommunestyrevedtak-038/19	6
Politisk handsaming	8
Samandrag	9
Vedlegg	11
Organisering	12
Politisk	12
Administrativt	14
Tilhøve som påverkar budsjett og økonomiplan	14
Sentrale føringar	14
Lokale føringar	19
Ytre faktorar	28
Indre faktorar	36
Økonomiske handlingsreglar	38
Samanlikning med andre	39
KOSTRA – Kommune Stat rapportering	39
Bakgrunn for driftsbudsjett	41
Frie inntekter	41
Rammetilskot og skatt	41
Eigedomsskatt	44
Konsesjonskraft	48
Andre inntekter	50
Kommunale gebyr og avgifter	50
Refusjon ressurskrevjande tenester	50
Integreringstilskot	51
Finans	52
Renter og avdrag	52
Startlån (lån til vidare utlån)	53
Renteinntekter	54



Rentekompensasjon.....	54
Avkastning på plasserte midla	56
Utbytte.....	56
Driftsbudsjett – oppsummert.....	57
Bevilgningsoversikt - drift	58
Driftsbudsjett fordelt på sektor	60
Skule	63
Barnehage	69
Omsorg.....	73
Helse og sosial	80
Kultur og idrett	83
Teknisk og miljø.....	90
Kommunedirektør, stab og støtte.....	96
Investeringsplan 2020-2023.....	100
Bakgrunn for investeringsplan.....	100
Investeringsplan 2020-2023 (ajourført i samsvar med KST-vedtak-038/19)	101
Bevilgningsoversikt – investering	104
Finansiering	106

Innleiing

Dette er det første budsjettet og økonomiplanen for Sunnfjord kommune – eit historisk dokument!



Arbeidet med budsjettforslaget har vore uvanleg krevjande. Det å transformere dei fire kommunane sine budsjett og økonomiplanar til eitt budsjett basert på ny organisering og i innspurten av samanslåingsprosessen, er vanskeleg i seg sjølv. Truleg ligg det fleire feilkjelder i budsjettet som ein må bruke 2020 til å avdekke og rette opp i. Alt våren 2020 legg vi opp til rullering av økonomiplanen.

Sunnfjord kommune vil i 2020 ha eit driftsbudsjett på ca. 2000 mill. kr og eit investeringsbudsjett på ca. 162 mill. kr. Likevel har det vore svært krevjande å legge fram eit budsjettforslag som er realistisk og forsvarleg, og ein må planlegge med kutt og bruk av disposisjonsfond. Trass i store disponible midlar, får Sunnfjord kommune ein start prega av store økonomiske utfordringar. Utfordringar som det truleg vil ta fleire år å løyse. Den økonomiske situasjonen gjer at ei økonomisk planlegging basert på realisme og som både administrasjonen og kommunestyret må forplikte seg til, blir avgjerande. I tillegg vil det kreve stram budsjettstyring og god budsjett disiplin i alle ledd.

Bakgrunnen for at den nye kommunen får ein økonomisk vanskeleg start, er samansett


- urealistiske budsjett i fleire av kommunane der kostnadane er budsjettert for lågt og inntektene for høgt
- for høgt investeringsnivå og lånenivå
- sviktande inntekter frå staten (inntektsutjamnande tilskot)
- endringar i lovverket for eigedomsskatt
- auka kostnader som følgje av kommunesamanslåinga utan at ein klarar å ta ut gevinstar så tidleg i prosessen
- mange nye, kostnadskevande brukarar i pleie- og omsorgssektoren
- eit forsiktig statsbudsjett for kommunesektoren

I 2019 slutta Fellesnemnda seg til ein del økonomiske handlingsreglar nedfelt i Budsjettguide for Sunnfjord kommune. Dei viktigaste punkta her var:

- eit netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter aukande frå 1,25% i 2020 til 1,75% i 2022
- stabilisering av lånegjelda (130% av brutto driftsinntekter)– ikkje høgare årlege låneopptak enn det kommunen betalar i avdrag
- stabilisering av disposisjonsfondet – 5,8% av brutto driftsinntekter

Dette bør vere grunnleggande føringar som også kommunestyret i Sunnfjord kommune drøftar og sluttar seg til.

Agenda Kaupang har hausten 2019 gjennomført ei grundig økonomisk analyse for den nye kommunen. Denne analysen vil danne grunnlag for ein stor og grundig prosess i 2020 for å få betre samsvar mellom utgifter og inntekter i kommunebudsjettet i åra framover.



2020 varslar ei ny tid i indre Sunnfjord der den nye kommunen skal vere ein stor og viktig samfunnsaktør i Vestland fylke. Kommunen vil stå betre rusta til både å møte mange av dei utfordringane vi ser komme med å utvikle regionen vår, og til å yte gode tenester til innbyggjarane. Skal vi få dette til på ein god måte, må vi skaffe oss økonomisk handlingsrom, vere tolmodige, jobbe målbevisst og få til eit godt samarbeid mellom administrasjonen og det politiske systemet.

Førde, 01.11.2019

Ole John Østenstad

Kommunedirektør

Kommunestyrevedtak-038/19

1. Framlegg til budsjett og økonomiplan 2020 - 2023 for Sunnfjord kommune vert vedteke slik det går fram av dokument datert 1. november 2019, med følgande tillegg:
 - a. Startløyving til Helgåsvegen blir lagt inn i budsjett 2020 med 2,4 mill. kroner, og Naustdal sitt bidrag til investering i svømmehall Førde blir forskyve til 2021. Resterande løyving for Helgåsvegen må avklarast og prioriterast ved revidering av økonomiplanen våren 2020.
 - b. Det må utarbeidast ein heilskapleg plan for rehabilitering av skulane i Sunnfjord kommune. For Sande skule og Førde Barneskule må det avklarast løysingar og kostnader som må ligge føre til behandling av økonomiplanen i Sunnfjord kommune i juni 2020. Kommunestyret løyver 2 mill. i planleggingsmidlar for å få fram avgjerdsgrunnlag. Reduksjon: «GBS aggregat sjukeheim 2015.
 - c. Kommunestyret ber kommunedirektøren sikre at arbeidet med klimaplanen, klimarekneskap og budsjett blir stetta innanfor budsjetttramma. Førebels klimarekneskap og tiltak knytt til nytt klimabudsjett skal leggest fram i samband med økonomiplanarbeidet i 2020.
 - d. I løpet av 2020 skal ein gå igjennom ein ENØK-kartlegging for alle kommunale bygg i heile kommunen der dette ikkje har vore gjort i siste periode. Ein må hente inn kvalitetssikra råd for lønsame tiltak, leggje ein prioritert plan for gjennomføring og ta til med dei viktigaste tiltaka.
 - e. Kommunestyret er opptatt av å redusere barnefattigdom i kommunen. Vi ber kommunedirektøren komme med ei sak der ein gjer greie for barnefattigdom blant dei som mottar kommunale ytingar i Sunnfjord, korleis ytingar vert berekna og kva tiltak ein kan velje for å redusere skilnadene og utanforskap for denne gruppa og kva for budsjettdekning ein kan vurdere for tiltaka.
 - f. Vaksinasjon mot hjernehinnebetennelse for elevar i vidaregåande skule. Spleiselag mellom fylkeskommunen og kommunen. (Ca. 80.000 kr i 2020 for Sunnfjord kommune).
 - g. Straumkostnader skal ligge under bygg og eigedomsforvaltning, ikkje under driftseiningane.
 - h. Sunnfjord kommune vil vurdere å innføre ei ordning med fritidskort for barn og unge i kommunen. Fritidskortet kan gjelde for barn mellom 6 og 18 år. Hovudmålet med frikortet er å inkludere alle barn i aktivitetar knytt til kultur og idrett. Dette vil vere eit godt tiltak for integrering av flyktningar og for å motverke utanforskap blant barn og unge på grunn av økonomi. Tilsvarande ordningar er innført i andre kommunar, Arendal og Vadsø. Regjeringa har løyvd 60 mill. kr til ordninga i 2020. Følgjande problemstilling må belysast:
 - a) Kven skal frikortet gjelde for?

- b) Kva aktivitetar skal dekkast inn i kortet? (Idrett, musikk, folkefestivalen, kino, symjehallen, musea, teateret mm.)
- c) Verdi på aktivitetar som vert dekkast av kortet, og kor høg den må vere for å få statlig støtte.
- d) Kva er dei reelle kostnader for kommunen, budsjettkonsekvens
- e) Organisering

Kommunestyret ber kommunedirektøren drøfte dette og legge fram ei sak innan juni 2020, før handsaminga av økonomiplanen.

- i. Vurdere om en kan finne midlar til etablering av turn- og klatretilbod i Dragehallen jamfør søknad frå Førde idrettsråd. Sunnfjord kommune støtter leigeutgifter i Dragehallen med kr. 500.000 som skal finansierast gjennom økt utbytte frå SF Holding.
 - j. Kommunestyret ber om at kommunedirektøren gjennomfører ei enkel berekning av korleis den vedtekne kommunale skatte- og avgiftsstrukturen slår ut for alle innbyggargrupper.
 - k. I samband med innføring av ny læreplan vil det bli eit stort behov for innføring av digitale hjelpemiddel i skulen. Det er viktig å komme i gang med slik innfasing for skuleåret 2020/2021. Innfasing skal skje i samsvar med ein prioriteringsplan som skal vedtakast av kommunestyret i februar. Kommunestyret ber om å bli orientert dersom det viser seg at avsette midlar ikkje er tilstrekkelege til å gjennomføre vedteken plan
2. Det vert sett i gang prosess med mål om innsparing på 12,5 mill. kroner i 2020 aukande til totalt 25 mill. kroner årleg i 2021 med bakgrunn i økonomianalyse frå Agenda Kaupang.

3. Eigedomsskatt

I medhald av eigedomsskattelova (esktl.) §§ 2 og 3, og med bakgrunn i lovforslag om ny overgangsbestemmelse i esktl. § 13 tredje ledd for samanslåtte kommunar, blir det gjort slikt vedtak om utskrivning av eigedomsskatt i Sunnfjord kommune for 2020:

- a. Sunnfjord kommune vedtek at overgangsperiode for harmonisering av eigedomsskatten skal byrje i år 2020 og vare i inntil 3 år (foreslått esktl. § 13 nytt tredje ledd).
- b. For 2020 skal det skrivast ut eigedomsskatt for heile kommunen (esktl. § 3 a).
- c. Det skal skrivast ut skatt på det særskilte skattegrunnlaget frå verk og bruk i dei fire tidligare kommunane, redusert med to sjuendedeler i 2020 (overgangsregel til esktl. §§ 3 og 4, første ledd første pkt.).
- d. For Førde, Jølster og Gaular vart siste allmenne taksering gitt verknad frå år 2007. For skatteåret 2020 vedtek kommunestyret å oppjustere takstane med 10 % for Førde, Gaular og Jølster, jf. esktl. § 8 A-4.
- e. Skattesatsar:

- a) Førde: Den allmenne skattesatsen er 6,5 promille. Skattesats for bustader/fritidsbustader er 3,2 promille. Skattesats særskilte skattegrunnlag er 6 promille.
 - b) Gaular: Den allmenne skattesatsen er 7 promille. Skattesats for bustader/fritidsbustader er 4,7 promille. Skattesats særskilte skattegrunnlag er 7 promille.
 - c) Jølster: Den allmenne skattesatsen er 7 promille. Skattesats for bustader/fritidsbustader 5 promille. Skattesats særskilte skattegrunnlag er 7 promille.
 - d) Naustdal: Den allmenne skattesatsen er 5 promille. Skattesats for bustader/fritidsbustader 5 promille. Skattesats særskilte skattegrunnlag er 4,5 promille.
 - f. Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar (ekstl. 25 første ledd). Terminane vert sett til 15. februar, 15. mai, 15. august og 15. november
 - g. Fritak for eigedomar vert gjeve for fylgjande eigedomar:
 - a) Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten (esktl. § 7 a)
 - b) Bygningar som har historisk verdi (esktl. § 7 b)
 - h. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar Sunnfjord kommune tidlegare eigedomsskattevedtekter for Førde, Gaular, Jølster og Naustdal (ekstl. § 10).
4. Godkjenning av låneopptak
- a. Sunnfjord kommune tek opp nytt lån til finansiering av investeringsprosjekt. Samla lånesum er 80.916.000 kroner i 2020. Av dette utgjør 14.827.000 kroner lån til sjølvfinansierande investeringar der brukarbetaling dekkjer renter og avdrag. Eventuelle tilskot knytt til investeringstiltaka skal nyttast til å betale ned på gjelda.
 - b. Sunnfjord kommune tek opp lån i Husbanken på 50 000 000 kroner til startlån for vidare tildeling i 2020.
5. Kassakreditt
- a. Kommunestyret godkjenner ei ramme for kassakreditt på 100 mill. kroner.

Politisk handsaming

Utval	Saksnummer	Dato
Formannskap (1. gongs presentasjon)		07.11.2019
Utval for helse og omsorg	002/19	19.11.2019
Utval for oppvekst	003/19	19.11.2019
Utval for samfunn, kultur og næring	003/19	19.11.2019

Formannskap	016/19	20.11.2019
Formannskap (utleggingsvedtak)	033/19	27.11.2019
Offentleg ettersyn i perioden 27.11-11.12		
Utval for helse og omsorg	014/19	03.12.2019
Utval for oppvekst	013/19	03.12.2019
Utval for samfunn, kultur og næring	015/19	03.12.2019
Formannskap	046/19	05.12.2019
Ungdomsråd	003/19	09.12.2019
Eldreråd	004/19	09.12.2019
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	004/19	09.12.2019
Kommunestyret	038/19	11.12.2019

Samandrag

Del I – Grunnlag

Del I omhandlar grunnlaget for budsjett og økonomiplan..

Sentrale og lokale føringar lagt til grunn i budsjett og økonomiplan er omtalt; ny kommunelov, statsbudsjett, intensjonsavtale, gjeldande økonomiplanar og visjon og verdiar for Sunnfjord kommune.

Ytre faktorar som demografi og folketalsutvikling, løns- og prisvekst og makroøkonomiske tilhøve er omtalt. Desse faktorane er viktige premisser i budsjett- og økonomiplan. Fokuset i budsjettarbeidet i haust har vore budsjettår 2020. Framskriving av demografi og folketalsutvikling i økonomiplanperioden har hatt mindre fokus og må sjåast grundigare på i økonomiplanprosessen våren 2020. Det er omtalt endringar i alderssamansettinga som vil få konsekvens for tenestetilbodet i kommunen.

Indre faktorar som gjeldsgrad, disposisjonsfond, tidlegare prioriteringar og økonomisk handlingsrom er og omtalt. Desse er viktige premisser for vedtekne handlingsreglar for netto driftsresultat, langsiktig gjeld og disposisjonsfond. Budsjett- og økonomiplanen har følgd opp desse handlingsreglane.

Til sist i kapittelet er ei kort oppsummering av samanlikning med andre der økonomianalyse av Sunnfjord kommune basert på KOSTRA-tal for 2018 er omtalt. Som eit salderingstiltak for å få budsjett- og økonomiplan i balanse er det tilrådd å gjennomføre ein innsparingsprosess med mål om innsparing av 12,5 mill. kroner i 2020 auka til 25 mill. kr årleg frå 2021. Innsparingsprosessen vil starte i januar 2020 og forslag til tiltak vert lagt fram for politisk vedtak våren 2020.

Del II – Drift

Del II omhandlar bakgrunn for driftsbudsjettet med omtale og prestasjon av føresetnadar for frie inntekter, andre inntekter og finans. Frie inntekter omtalar skatt og rammetilskot, eigedomsskatt og konsesjonsinntekter. Skatt og rammetilskot er i samsvar med statsbudsjett men det er i tillegg budsjettert kompensasjon for reduksjon i inntektsutjamnande tilskot. Det er forventa fullt kompensasjon dvs. 8,2 mill. kr, men det er ut frå forsiktighetsprinsippet budsjettert med halv kompensasjon dvs. 4 mill. kroner. Eigedomsskatteinntekter er forsøkt vidareført frå 2019- nivå, men store avvik medfører urimeleg auke i delar av den nye kommunen.

Andre inntekter omtalar kommunale gebyr og avgifter, refusjon ressurskrevjande tenester og integreringstilskot. Desse inntektene er avhengig av tal brukarar og er derfor noko usikre. Finans omtalar renter og avdrag, startlån, renteinntekter, rentekompensasjon, avkastning på plasserte midlar og utbytte. Førebelse berekningar av minste tillate avdrag tyder på at avdragskostnaden må aukast, men endelege berekningar vil ikkje vere klar før juni 2020.

Oppsummering av driftsbudsjett og økonomiplan viser alle føresetnadar omtalt i kapitlet i ein tabell. Sum inntekter utgjer 1 961 mill. kroner aukande til 1 980 mill. kroner i 2023. Netto driftsresultat utgjer 26,5 mill. kroner aukande til 46,0 mill. kroner i 2023. Det gir eit netto driftsresultat på 1,3 % av driftsinntektene i 2020 aukande til 2,2 % i 2023 i samsvar med tidlegare vedteken handlingsregel. Netto driftsresultat er tilrådd avsett til disposisjonsfond og brukt som eigenkapital inn i investeringsplanen


Til sist i kapitlet kjem oppsummering av driftsbudsjett fordelt på sektor med tekstleg omtale av kvar sektor. Omtalen er viktig for å forstå føresetnadar og ikkje løyste utfordringar i kvar sektor.

Innan omsorg er det uløyste utfordringar på til saman 13,8 mill. kroner som det må arbeidast vidare med å finansiere innanfor sektoren sitt samla budsjett. Dersom utfordringane ikkje lar seg løyse må nivået på innsparing aukast ytterlegare.

Del III - Investering

Del III omhandlar investeringsplan 2020 – 2023 og omtale av finansiering. Handlingsregel om å ikkje auke lånegjelda er lagt til grunn. Årleg investeringsramme er berekna ut frå årleg avdragskostnad og avsetjing til disposisjonsfond frå driftsbudsjettet. I tillegg kjem meirverdiavgiftskompensasjon. Årleg investeringsramme utgjer mellom 136,8 mill. kroner og 162 mill. kroner.

Investeringsplanen tar utgangspunkt i gjeldande økonomiplanar i kommunane Førde, Naustdal, Gaular og Førde. Det er føreteke forskyving av vedteke investeringar i Naustdal




og Gaular i perioden med bakgrunn i at desse kommunane har lagt opp til auka låneopptak utover det kommunane årleg betalar i avdrag. Friskhus i Naustdal og skulebygga i Gaular er skyvd utover i økonomiplanperioden.

I 2023 er det budsjettet med midlar til prosjekt som er forskyvd utover i planperioden. Utover dette er det ikkje teke stilling til resterande investeringsramme. Det blir først gjort i økonomiplanprosessen våren 2020.

Vedlegg


- Budsjett 2020 kommentarar frå einingsleiarar
- Økonomianalyse frå Agenda Kaupang
- Prisbok for Sunnfjord kommune 2020
- Oversikt over tilskot og overføringar frå Sunnfjord kommune 2020



DEL I - GRUNNLAG

Organisering


Politisk



Kommunestyret har 45 representantar.

Formannskapet har 11 medlemmar og handsamar også plansaker etter plan- og bygningslova. Ein av medlemmane i formannskapet skal ha funksjonen som representant for barn og unge i plansaker.

Administrativt



Kvar av dei seks sektorane er leia av ein kommunalsjef. Dei seks kommunalsjefane er del i kommunedirektøren si leiargruppe saman med assisterande kommunedirektør, personalsjef og leiar av fagutviklingsstaben.

Dei sju leiarane av stab- og støtteiningane rapporterer til assisterande kommunalsjef.

Det er totalt 82 einingsleiarar i Sunnfjord kommune. Dei har økonomi- og personalansvar for si eining, og rapporterer til kommunalsjef for sin sektor.

Tilhøve som påverkar budsjett og økonomiplan

Sentrale føringar


Kommunelov

Ny kommunelov legg opp til:

- Meir langsiktig og heilskapleg økonomiforvaltning gjennom plikt til å vedtak økonomiske måltal
- Høve til å ta grep tidlegare dersom kommunen har høge utgifter

Krav til innhaldet i økonomiplanen blir harmonisert med krava til innhaldet i årsbudsjettet, og skal vise:

- Kommunestyrets prioriteringar, bevilgningar, mål og premisser
- Utviklinga i økonomi og gjeld og andre langsiktige forpliktingar

- 
- Balanse, realisme, fullstendigheit og oversiktlegheit
 - Ein driftsdel og ein investeringsdel, som skal settast opp på same måte

Også økonomiplan skal setjast opp etter obligatoriske oversikter.

Statsbudsjett

Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2020

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2019 til 2020 med 2,1 prosent. Pårekna skatteinntekter i 2020 byggjer blant anna på pårekna sysselsetjingsvekst (1,0 prosent) og lønsvekst (3,6 prosent).

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir justert frå 11,55 prosent i 2019 til 11,10 prosent i 2020.

Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vera om lag 40 prosent også for 2020.

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane – kommunal deflator – er i framlegget 3,1 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i statsbudsjettet. Kostnadsdeflatoren består av:

- Lønsvekst 3,6 prosent
- Varer og tenester 2,2 prosent
- Samla prisvekst 3,1 prosent

Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2019 til 2020 med 1,3 mrd. Heile veksten går til primærkommunane. Veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna meirskatt etter dette, kr 4,2 mrd., er med andre ord ikkje med i samanlikningsgrunnlaget frå i år.

Veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2019 til 2020 vil kome som eit tillegg i inntektene.

Pårekna meirutgifter for primærkommunane i 2020 knytte til den demografiske utviklinga er kr 1,3 mrd. , for tenester som må bli finansierte av dei frie inntektene.

Det er lagt til grunn at veksten i dei frie inntektene i 2020 skal gi rom for å styrka tidleg innsats i skulen (kr 400 mill.) og opptrapping av satsinga på rusomsorg (kr 150 mill.).

Innlemming av øyremerka tilskot i rammetilskotet

Det er framlegg om å innlemme fleire øyremerkte tilskot i rammetilskotet for 2020. Dei største tilskota er:

- Tilskot til psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene -
Tilskot til dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens
- Tilskot til etablering og tilpassing av eigen bustad
- Tilskot til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.-10. trinn

Aktuelle saker

Psykologar i kommunane

Frå 1. januar 2020 er det lovfesta at alle kommunar skal ha psykologkompetanse.

Opptappingsplan for rus

Det er opptappingsplan for rus med auka løyvingar til området i perioden 2016–2020. Satsinga har i hovudsak kome ved at ein del av veksten i dei frie inntektene er grunnlagt med satsinga på rusomsorg. For 2020 er kr 150 mill. av veksten i dei frie inntektene grunnlagt med satsinga. Fordelinga mellom kommunane blir gjort etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp i inntektssystemet.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Den delen av rammetilskotet som er grunnlagt med satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2019 til 2020, med priskompensasjon. For 2020 er rammetilskotet knytt til føremålet kr 904,6 mill. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på kr 100.000,- per kommune.

Dagtilbod til demente

Kommunane vil frå 1. januar 2020 få plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens.

Tilskot til frivilligsentralar

Tilskot til frivilligsentralar vart innlemma i rammetilskotet frå og med 2017. Totalt kr 200,2 mill. blir gitt med særskilt fordeling i 2020 i rammetilskotet, med utgangspunkt i fordelinga av det øyremerkte tilskotet i 2016.

Det blir teke omsyn til etablering og avviking av frivilligsentralar. Tilskot til frivilligsentralar vil bli fordelt etter dei ordinære kriteria i inntektssystemet frå og med 2021.

Sjueheimplassar og omsorgsbustader

For 2019 gir tilsegnsramma, etter vedtak om utviding i revidert nasjonalbudsjett, grunnlag for å gi investeringstilskot til om lag 2400 plassar med heildøgnsomsorg, fordelte mellom omsorgsbustader og sjukeheimplassar. For 2020 er det framlegg om ei tilsegnsramme som vil gi grunnlag for å gi investeringstilskot til om lag 2000 einingar.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming.

Stortinget har vedteke ei gradvis endring i investeringstilskotet slik at det frå 2021 berre blir gitt investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar som gir netto auke i det samla talet på plassar i kommunen. Halvparten av plassane for 2020 er netto nye og halvparten rehabiliterte.

Kompensasjon for endringar i regelverket for arbeidsavklaringspengar

Med verknad frå 1. januar 2018 vart det gjennomført endringar i regelverket for arbeidsavklaringspengar. I revidert nasjonalbudsjett for 2019 vart kommunane kompenserte for ein auke i pårekna meirutgifter til økonomisk sosialhjelp i 2019 som følgje av endringane. Kompensasjonen vart gitt med ein auke i rammetilskotet på kr 90 mill.

Det er lagt opp til å vidareføra denne kompensasjonen i 2020.

Lærarnorm

Kr 400 mill. av veksten i dei frie inntektene for 2020 er grunnlagt med tidleg innsats i skulen, 1.–10. trinn. Desse midlane blir i 2020 fordelte etter delkostnadsnøkkelen for grunnskule.

Det er framlegg om å innlemma i rammetilskotet kr 1.316,8 mill. av det øyremerkte tilskotet frå kapittel 226 post 63, som er til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.–10. trinn. Det øyremerkte tilskotet er i 2019 om lag kr 1,7 mrd. for kommunane.

Desse midlane blir i 2020 fordelte særskilt i rammetilskotet, med om lag same fordeling som i 2019 når dei var øyremerkte. Fordelinga mellom kommunane er vist i eigen kolonne i vedlagt tabell. Frå 2021 vil midlane bli fordelte etter dei ordinære kriteria i inntektssystemet, det vil seie etter delkostnadsnøkkelen for grunnskule.

Overføring av ansvaret for skatteinnkrevjing

Det er framlegg om å overføra ansvaret for skatteinnkrevjing frå kommunane til Skatteetaten frå 1. juni 2020. Det er difor lagt opp til å redusera rammetilskotet i 2020 med kr 644,4 mill. Dette utgjer 7/12 av verknaden for eit heilt år (rekna til kr 1105 mill.).

Kommunereform

Inndelingstilskot


Årlege inndelingstilskot vil erstatta bortfall av basistilskot og eventuelt bortfall av småkommunetillegg eller reduksjon i distriktstilskot som følgje av samanslåing. Den nye kommunen vil ta imot fullt inndelingstilskot i femten år etter samanslåing, før tilskotet deretter blir trappa ned over fem år. Tilskot blir tillagt årleg priskompensasjon.

For allereie vedtekne samanslåingar i kommunereform 2014–2017 vil det årlege inndelingstilskotet, som blir utbetalt frå og med iverksetjing av samanslåing i 2020, vera basert på inntektssystemet i 2016. Det vil seia at det er basert på inntektssystemet før endringane i 2017. Basistilskotet i 2016 var kr 13,2 mill. per kommune. For nye samanslåingar vil inndelingstilskotet bli berekna på grunnlag av inntektssystemet i det året samanslåinga trer i kraft.

Regionsentertilskot

Det er lagt opp til å vidareføra regionsentertilskotet. Vilkåret er at ny kommune får over om lag 8.000 innbyggjarar.

Tilskotet blir fordelt delvis med ein lik sats per innbyggjar (i 2020 kr 68,-) og delvis med ein lik sats per samanslåing (i 2020 kr 3,256 mill.). Satsane er prisjusterte frå 2019 til 2020. Det er lagt til grunn innbyggartal frå 1. januar 2019.



Lokale føringar

Intensjonsavtale

Gaular, Naustdal, Førde og Jølster vedtok i juni 2015 ein intensjonsavtale for komande Sunnfjord kommune

Hovudmål:

- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane
- Vere drivkraft og fylkessenter for Sogn og Fjordane

Delmål:

- Skipe ein livskraftig og attraktiv kommune som sikrar god folketalsvekst.
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle delar av kommunen.
- Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering.
- Bygge ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø. [Intensjonsavtale](#)

Økonomiplanar for Førde, Gaular, Jølster og Naustdal 2019-2022

Økonomiplanen er ei oversikt over sannsynlege inntekter og utgifter dei neste fire åra. Økonomiplanen viser korleis kommunen skal nytte sine ressursar for å nå målsettingane i handlingsprogrammet, samtidig som den forsøker å synleggjere det økonomiske handlingsrommet til kommunen. Årsbudsjettet utgjer det første året i økonomiplanen.

Ny kommunelov legg opp til meir langsiktig og heilskapleg økonomiforvaltning gjennom plikt til å vedta økonomiske måltal. Teknisk berekningsutval (TBU) og Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har anbefalte minimumsnivå for dei ulike måltala. Det er ulikt i kva grad dei fire kommunane oppfyller anbefalingane i sine økonomiplanar for 2019-2022.

Hovudregelen frå TBU, er at kommunar med avgrensa økonomisk handlingsrom, er kjenneteikna av at dei har:

- Netto driftsresultat etter avsetting til bundne fond, på under 1 % av driftsinntektene.
- Korrigert netto lånegjeld på over 75 % av driftsinntektene - Disposisjonsfond på under 5 % av driftsinntektene.

Førde

[Førde økonomiplan 2019-2022](#)

Tendensar nøkkeltal

Netto driftsresultat er budsjettert i samsvar med anbefalingane frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) og Teknisk beregningsutval (TBU).

Langsiktig gjeld er stabil og fallande i prosent av inntekt, då nye låneopptak ikkje overstig årlege avdrag.

Disposisjonsfond er stabilt og ligg på rundt 91 mill. kroner.

Realismekravet

Inntekter

- Skatt og rammetilskot er berekna etter KS prognosemodell, justert for 0,9 % befolkningsvekst og ein årleg realvekst på 7-9 mill. kroner. Årleg budsjettert rammetilskot inneheld vidareføring av gradert basistilskot på 4,9 mill. kr og regionsentertilskot på 2,7 mill. kr.
- Eigedomsskatt utgjer 36,6 mill. kr i 2019 basert på skattesatsen 2,4 promille for bustad og 6,0 promille for næring. Nivået på eigedomsskatt er vidareført fram til 2022, med årleg verdijustering på 3 %. Endring i eigedomsskattelova vil ikkje ha konsekvens for budsjetterte eigedomsskatteinntekter i planperioden.
- Andre inntekter er i planperioden vidareført på same nivå som i 2018.

Utgifter

- Rammene til einingane er vidareført utan endringar i perioden. Kommunen har eit handlingsrom der ein prioriterer nye driftstiltak. Handlingsrommet er på 6 mill. kroner i 2020, aukande til om lag 19 mill. kroner i 2022.
- Det er budsjettert vakanse i stillingar på 1,4 mill. kr i tillegg til 1 kommunalsjef mindre i 2019 (1,2 mill. kr)

Innsparingar

- Innsparing knytt til reduksjon i flykntingstilskotet. Innsparing på om lag 6 mill. kroner (2020), 8 mill. kroner (2021) og 9 mill. kroner (2022).

Finans

- Budsjettert lånerente på 2,5 % i 2019/2020 og 3,0 % i 2021/2022. Budsjettert innskotsrente på 1,6 % i 2019/2020 2,0 % i 2021/2022.
- Avkastning på plasserte midlar er budsjettert som driftsinntekt på 7-8 mill. kr årleg. Det er lagt til grunn ei avkastning på 4,2 % av plasserte midlar på 155 mill. kr.
- Det er budsjettert med minimumsavdrag på 46,3 mill. kr årleg i planperioden. Konsekvens av innskjerping ny kommunelov er ikkje berekna eller teke omsyn til.


Balanse

- Likviditeten (arbeidskapitalen) utgjorde 400 mill. kr pr. 31.12.2017 og er vurdert til å vere relativt god.

Investeringsprofil

Investeringsprofilen til Førde viser satsing på veg og infrastruktur. Førdepakken er årsaka til dette med investeringar på 112 millionar i planperioden. Førde har også fleire større prosjekt innan kultur og idrett med nytt museumsbygg i Movika til om lag 37 millionar i perioden. Også nytt kulturskulebygg vert reist i perioden. Innan skule er det utbygging av Sunde skule med 44 millionar som utgjør størstedelen av satsinga.

Investeringane er finansiert ved bruk av eigenkapital tilsvarande årleg netto driftsresultat (25 mill. kr) og lån tilsvarande årleg betalt avdrag (46 mill. kr).




Gaular

[Gaular økonomiplan 2019-2022](#)

Tendensar nøkkeltal

Gaular budsjetterer med negativt netto driftsresultat, i strid med anbefalingane frå KMD og TBU. For perioden, sett under eit, er det budsjettert med høgare utgifter enn inntekter.

Langsiktig gjeld er lågast av dei fire kommunane, men aukar med 40 % frå 2018 til 2022. Dette er med på å bidra til det låge netto driftsresultatet.



Gaular legg opp til høg bruk av disposisjonsfond. Dette har samanheng med planlagde investeringar. Lånegjelda stig mykje, samstundes som at avsette midlar går ned.

Realismekravet

Inntekter

- Skatt og rammetilskot er berekna etter KS prognosemodell. Det er ikkje lagt til grunn folketalsvekst i perioden. Årleg budsjettert rammetilskot for 2019 er vidareført i planperioden. Rammetilskotet inneheld overgangsordning – kommunar som slår seg saman med 3,5 mill. kroner og 630 000 kroner i regionsentertilskot.
- Eigedomsskatt utgjer 7 196 000 kroner i 2019 basert på skattesatsen 3,7 promille for bustad og fritidsbustad og 7,0 promille for næring. Nivået på eigedomsskatt er vidareført fram til 2022, med reduksjon av 1/7 del pr. år for telenett. Endring i eigedomsskattelova er det ikkje teke omsyn til i planperioden.
- Andre inntekter er i planperioden vidareført på same nivå som i 2019.

Utgifter

- Driftsnivået til einingane er vidareført med årlege innsparingar omtalt nedanfor.
- Auka utgifter til renter og avdrag.

Innsparingar

- Lønsutgifter til rådmann og ordførar er redusert med ¾ frå 2020.
- Årlege innsparingar på 4,4 mill. kroner, fordelt på fleire område. Innsparingane er spesifiserte.

Finans

- Budsjettert lånerente på 2,5 % i 2019/2020 og 3,0 % i 2021/2022. Budsjettert innskotsrente på 1 000 000 kroner, og budsjettert utbytte med 1 300 000 kroner, og dette er realistisk og vidareført i planperioden.
- Det er budsjettert med minimumsavdrag på 9 920 000 kroner i 2019, 11 450 000 kroner i 2020, 12 685 000 kroner i 2021 og 13 945 000 kroner i 2022.


Balanse

- Arbeidskapitalen utgjorde 64,9 mill. kroner pr. 31.12.2017. Med ei kortsiktig gjeld på 54 756 642 kroner er likviditeten på det tidspunktet vurdert til å vere tilfredsstillande.

Investeringsprofil

Gaular har ein klar investeringsprofil på skule, med planlagde investeringar på om lag 57 mill. kroner til oppgradering av skulebygga i kommunen. Infrastrukturiltaka er i hovudsak knytt til vassanlegg og reinseanlegg. Det er lagt inn om lag 17 mill. kroner til idrettsanlegg i Bygstad.

Investeringane er finansiert ved låneopptak.



Jølster

[Jølster økonomiplan 2019-2022](#)

Tendensar nøkkeltal

Nettodriftsresultat i % av driftsinntekter viser at Jølster kommune budsjetterer med høgare kostnader enn inntekter i planperioden. Balanse er oppnådd ved bruk av disposisjonsfond. Dette strir mot anbefalinga til KMD og TBU. Rådet ligg på 1,75%


Langsiktig gjeld i % av driftsinntekter ligg på nivå med Førde kommune og snittet i Sunnfjord kommunen.

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter minkar i planperioden, då disposisjonsfond vert nytta til å balansere driftsbudsjettet.

Realismekravet

Inntekter

- Skatt og rammetilskot er berekna etter KS prognosemodell. Det er ikkje lagt til grunn folketalsvekst i perioden. Det er derfor heller ikkje lagt inn årleg realvekst. Årleg budsjettert rammetilskot inneheld vidareføring av gradert basistilskot på 3,5 mill. kr og regionsentertilskot på 0,6 mill. kr.
- Eigedomsskatt knytt til kraftverk er bygd på anslag, då fleire nett er sett i verk eller er under planlegging. Det er lagt til grunn ein forventa inntektsvekst på 37,5 mill. kroner totalt i planperioden. Satsar for eigedomsskatt er vidareført frå 2018. Den



alminnelege skattesatsen er 7 promille og differensiert skattesats for landbruk , bustad- og fritidseigedomar er 5 promille. Endring i eigedomsskattelova er det ikkje teke omsyn til i planperioden. Jølster kommune har eit nivå på budsjetterte eigedomsskatteinntekter i 2020 som er 11,3 mill. kr for høgt.

- Konesjonskraft og andre inntekter er vidareført på same nivå som 2018.

Utgifter

- Økonomiplanen til Jølster syner nye kostnader i perioden som er høgare enn forventa inntekter. Dette gjeld i hovudsak auka kostnader ressurskrevjande brukarar og kostnader i drift knytt til høgare investeringsnivå.
- Det samla driftsnivået for einingane er redusert med totalt 2 millionar over fire år.

Innsparingar

- Det er lagt opp til innsparingar på 10-17 millionar årleg i perioden, for å dekke nye kostnader. Sjølv om driftsnivået til einingane ikkje går ned med meir enn totalt 2 millionar over fire år, så er innsparingane på noverande tenester langt høgare for å dekke dei nye kostnadane som er venta.
- Lønsutgifter til rådmann og ordførar er redusert med $\frac{3}{4}$ frå 2020.

Finans

- Budsjettert lånerente på 2,5 % i 2019/2020 og 3,0 % i 2021/2022. Renteinntekter og utbytte er i planperioden vidareført på same nivå som i 2018.
- Ikkje budsjettert med avkastning på plasserte midlar.
- Det er budsjettert med minimumsavdrag på 53,4 millionar i planperioden.

Balanse


- Arbeidskapitalen utgjorde 115 mill. kroner pr. 31.12.2017. Med ei kortsiktig gjeld på 12 millionar er likviditeten på det tidspunktet vurdert til å vere god.

Investeringsprofil

Investeringsprofilen til Jølster viser ei satsing på kultur og idrett. Jølster planlegg to større idrettsanlegg. Vidare er Sunnfjord næringspark og Smihogane bustadfelt satsingsområde.

Investeringane i planperioden er finansiert med bruk av 56 millionar kroner frå investeringsfond. Dette gjev ein eigenkapitalprosent på 35% på nye investeringar.

Investeringane er også finansiert med 5,8 millionar kroner i tilskot frå andre private. 97,8 millionar kroner av finansieringa er nye lån. Delar av låna er forskot på tippemidlar knytt til idrettshallane. Det er uklart kor mykje ein kan forventa å få att i tippemidlar.



Naustdal

[Naustdal økonomiplan 2019-2022](#)

Tendensar nøkkeltal

Netto driftsresultat er positivt i heile perioden, men ikkje nær anbefalt nivå (min. 1,75 %). Inntekter og utgifter er budsjettert på same nivå.


Den langsiktige lånegjelda i % av driftsinntekter ligg vesentleg høgare enn dei tre andre kommunane og langt over landssnittet, og aukar dei neste to åra.

Det er budsjettert med noko avsetning til disposisjonsfond kvart år, men Naustdal kommune har lågast nivå på disposisjonsfondet av dei fire kommunane. Nivået på gjeld og disposisjonsfond står ikkje i forhold til kvarandre.

Realismekravet

Inntekter

- Skatt og rammetilskot er berekna etter KS prognosemodell med 1 % befolkningsvekst. Årlege skjønstilskot som i 2018.
- Eigedomsskatt utgjør 9,9 mill. kr i 2019 basert på skattesatsen på 4,5 promille for alle eigedomar. Nivået på eigedomsskatt er vidareført fram til 2022, men med ei årleg auke 500 000 kr, som følgje av bustader som ikkje lenger er fritatt etter 5-års regelen, fell inn i skattegrunnlaget. Nye reglar for verk og bruk (næring), er innarbeid i berekningane. Det



er ikkje venta at det vil gje store utslag for Naustdal. Det er ikkje tatt omsyn til tap som følgje av endringar i eigedomsskattelova.

- Ingen konsesjonskraft eller andre særskilde inntekter.

Utgifter

- Driftsnivået for einingane er vidareført fram til 2022. Det er ikkje satt i gang andre, særskilde tiltak.
- Auka utgifter til renter og avdrag.

Innsparingar

- Lønsutgifter til rådmann og ordførar er redusert med $\frac{3}{4}$ frå 2020. Reduserte årlege lønnskostnader på 1,6 mill. kr (inkl. sosiale utgifter).

Netto finans

- Budsjettert lånerente på 2,5 % i 2019/2020 og 3,0 % i 2021/2022. Renteinntekter og utbytte er i planperioden vidareført på same nivå som i 2018.
- Ikkje budsjettert med avkastning på plasserte midlar.
- Det er budsjettert med minimumsavdrag på 12,7 mill. kroner i 2019, 13,5 mill. kr i 2020, 14,2 mill. kr i 2021 og 14,6 mill. kr i 2022.

Dersom avdragstida blir kortare vil avdragskostnadane bli høgare enn det som er lagt til grunn i planperioden.


Balanse

- Likviditeten (arbeidskapitalen) utgjorde 18,5 mill. kr pr. 31.12.2017 og er vurdert til å vere relativt låg.

Investeringsprofil

Investeringsprofilen til Naustdal viser ei klar satsing på helse og omsorg. Dette er i hovudsak Friskhusprosjektet. Friskhuset er samlokalisering av helsetenester, privat næring og omsorgsbustader.

Naustdal har lite eigenkapital og investeringar vert finansierte med nye lån. Ein legg opp til nye lån – som skal dekkast av frie inntekter – på 23 mill. kr i 2019, 19,9 mill. kr i 2020 og 30,0 mill. kr i 2021. Årlege avdrag ligg i same periode mellom 12,7-14,6 mill. kr. Dette gjer at gjeldsgraden aukar.



Visjon og verdiar for Sunnfjord kommune

Visjon

Saman blir vi drivande gode

Engasjert

Ein engasjert kommune er ein kommune som til ei kvar tid veit at dei jobbar for innbygarane.

Kommunen bryr seg om menneske, bygg, natur og kommunen si framtid, er handlekraftige og har god driv framover.

Den engasjerte kommunen er bygd på kompetente, kunnskapsrike og framtidsretta menneske, som vil kommunen sitt beste, og som står på for å hjelpe og yte service.

Kommunen ser alle, og søker å møte alle sine behov på ein open og imøtekommande måte.

Kommunen er samlande for alle som arbeider der.


Verdiar

Inkluderande

Ein inkluderande kommune er ein raus og open kommune med tilsette som møter alle med respekt.

Nær

Ein nær kommune er ein kommune du har tillit til. Ein nær kommune kjenner



innbyggerane sine og tar dei på alvor.

Innbyggerane kjenner seg trygge i møte med kommunen, og dei veit at dei som arbeider der er til å stole på.

I kommunen jobbar ein tett med kvarandre – og tett på innbyggerane.

Vi er **EN**

Ytre faktorar


Demografi og folketalsutvikling

Kommunen sitt utgiftsbehov er for alle tenester knytt til ei eller anna aldersgruppe i befolkninga. Endringar i demografi vil difor gi endringar i kommunale tenester. Dei store barnekulla frå etterkrigstida er i ferd med å bli pensjonistar og «eldrebølga» har starta. Datagrunnlaget er frå SSB sin folketalsstatistikk frå 01.01.2019 og siste tilgjengelege framskrivingar publisert i juni 2018. Innbyggartalet per 01.01.2019 i den nye kommunen er 21 959 innbyggerar.

Demografisk utvikling


Figuren under, viser registrert utvikling for perioden 1995-2019 og framskrive utvikling for perioden 2019-2040. Framskrivinga bygger på ei vidareføring av registrerte trendar for inn/utflytting, dødelegheit og fruktbarheit.

Resultatet for Sunnfjord kommune er vist i figuren under.




Figur 12 Antall personer i Sunnfjord 1995–2040. Registrert utvikling 1995–2019 og fremskrevet utvikling 2020–2040. Kilde: Alternativ MMMM til SSB


Figuren som følger, viser årleg folketalsvekst i %. Sunnfjord kommune har positiv folketalsvekst, men veksten er lågare enn tidlegare. Også landet og Vestland fylke har ein nedgang i veksten. Dette har samanheng med lågare fødselsoverskot og lågare nettoinnvandring. Ein lågare vekst enn landet vil gje utslag på dei forventa inntektene til kommunen.




Prognose for Sunnfjord viser folketalsvekst. Dei neste 10 åra vil kommunen vekse med ca. 700 innbyggjarar, dersom prognosen treff. Dette vil få konsekvensar for tenestetilbodet i kommunen. Samtidig som tal innbyggjarar aukar, vil også alderssamansetninga endre seg.




Figur 13 Andelen av befolkningen totalt i Sunnfjord. Registrert utvikling 1995–2019 og fremskrevet utvikling 2019–2040. Kilde: Alternativ MMMM til SSB



Figur 14 Barn og unge fra 0-15 år i Sunnfjord. Registrert utvikling 1995–2019 og fremskrevet utvikling 2019–2040. Kilde: Alternativ MMMM til SSB




Figur 15 Voksne i alderen 20-66 år i Sunnfjord. Registrert utvikling 1995–2019 og fremskrevet utvikling 2019–2040. Kilde: Alternativ MMMM til SSB



Figur 16 Utviklingen i de tre eldste aldersgruppene i Sunnfjord kommune. Registrert utvikling 1995–2019 og fremskrevet utvikling 2019–2040. Kilde: Alternativ MMMM til SSB

I åra fram til 2040 er det den eldre befolkninga som aukar mest. Dette vil utfordre spesielt pleie- og omsorgstenestene. Det vil vere færre personar i yrkesaktiv alder til å ta vare på dei eldre personane både i Sunnfjord og i heile landet. Dette blir ei stor nasjonal utfordring.




Figur 17 Aldersbæreevne. Kilde: SSB bearbejdet av Agenda Kaupang. Registrert utvikling 1995–2019 og fremskrevet utvikling 2019–2040.

Framtidige behov for tenester

Agenda Kaupang har gjennomført ei grov berekning av framtidige behov for kommunale tenester i Sunnfjord kommune. Berekningane tar utgangspunkt i utviklinga av befolkninga i ulike aldersgrupper, og samanhengen mellom demografi, behov og økonomisk effekt.

Berekningane er eit uttrykk for korleis behovet endrar seg dersom vi legg dagens standard til grunn, og berre gjer endringar som følgje av endringar i befolkninga. Inntektsystemet til kommunane er i endring og i praksis vil utviklinga av dei økonomiske rammene også innehalde andre forhold enn demografi. Likevel er demografi per i dag, den mest sentrale komponenten.

For kvar av delsektorane grunnskole, barnehage, pleie og omsorg og befolkninga samla, er det laga ein indeks der nivået i 2019 er satt til 100. Det betyr at figuren nedanfor gir uttrykk for endringar i det demografiske behovet samanlikna med 2019-nivå.



Figur 18 Beregnet behov for tre utvalgte tjenestesektorer (2019=100) i Sunnfjord kommune.

Det er store forskjellar i kor mykje behovet for ulike tenester veks fram til 2040. Veksten er klart størst for pleie- og omsorgstenester, med ein behovsauke på 92 % fram til 2040. Den årlege veksten for desse tenestene startar allereie frå 2019. Innan dei øvrige delsektorane er det forventa ein nedgang.

Framskrivningane som er skissert i figuren, baserer seg på historiske tal og forventa utvikling i alderssamansettinga og folketalsutviklinga i kommunen. Erfaringa er at behovet for skular og barnehagar er noko meir komplisert å estimere enn behovet for pleie og omsorg. Dette heng saman med større usikkerheit knytt til inn-/utflytting i yngre alder og familiar med born, enn flyttemønsteret til den eldre delen av befolkninga.

Kommunen si økonomiske planlegging bør ta omsyn til utviklinga i tenestebehovet, og at behovet utviklar seg ulikt for dei ulike tenestene. Dei øvrige tenestene er «avhengige» av at pleie og omsorg løyser sine oppgåver på ein effektiv måte, ettersom behovet for denne teneste er forventa å auke så kraftig. Prognosen for personar med demens viser om lag ei doubling i perioden, frå 341 personar i 2019, til 665 personar i 2040. Utviklinga av tal eldre er av særleg betydning for dette anslaget.

Løns- og prisvekst

Prisvekst

Statsbudsjettet legg til grunn ein prisvekst på 2,2 %. Det er i budsjettarbeidet lagt til grunn ein prisvekst på 2,1 % på driftsutgiftene.

Lønsvekst

Statsbudsjettet legg til grunn ein lønsvekst på 3,6 % i 2019. Tabellen nedanfor oppsummerer samla budsjettert lønspott 33 mill. kroner på ansvar 100. Potten vert fordelt ut på einingane gjennom ei administrativ budsjettendring når lønsoppgjør for dei ulike kapitela er avklart.

Avsetjing revidert lønspott 2020				
	Lønsgrunnlag	Lønsauke 3,6 %	Pensjon og AGA	SUM
Kap. 5 frå 01.01.	67 460 000	2 226 180	669 501	2 895 681
Kap. 3 frå 01.01.	67 900 000	2 444 400	735 129	3 179 529
Kap. 4 frå 01.01.		4 520 385	1 359 460	5 879 845
Kap. 4 frå 01.05.	750 000 000	14 500 000	4 360 730	18 860 730
Kap. 5 frå 01.05.	69 686 180	1 672 468	502 978	2 175 446
SUM	885 360 000	25 363 433	7 627 799	32 991 232

Deflator

Statsbudsjettet legg til grunn ein deflator (vekta pris- og lønsvekst) på 3,1 %. Det er i budsjettarbeidet lagt til grunn ein deflator på 3,0 % på driftsinntektene.

Pensjon


Sats for arbeidsgjevar sin del av pensjon i KLP er budsjettert med 14 %.

Sats for arbeidsgjevares in del av pensjon i SPK er budsjettert med 12 %.

Berekna budsjett for pensjonskostnadar i KLP for Sunnfjord kommune utgjer 96,6 mill. kroner. I tillegg kjem amortisert premieavvik¹ på 15,5 mill. kroner. Samla pensjonskostnad er budsjettert med unntak av arbeidstakars andel på 2 %.

Innbetalt premie er berekna til 160,8 mill. kroner. Premieavviket utgjer 64,2 mill. kroner og medfører ei likviditetsbelastning, då premie skal betalast men ikkje kostnadsførast i 2020.

¹ Utgifts- eller inntektsføring av premieavviket i påfølgande år. Frå og med 2014 er amortiseringsperioden 7 år.



Arbeidsgjevaravgift

Kommunane Jølster, Naustdal og Gaular har arbeidsgjevaravgiftssats 10,6 % medan Førde har 14,1 %. Det er avklart at desse ulike satsane skal vidareførast i budsjett 2020 basert på arbeidsstaden til kvar tilsett. Dette er ikkje løyst i økonomisystemet og alle einingane har derfor budsjettert med 14,1 % arbeidsgjevaravgift. Det er berekna at faktisk arbeidsgjevaravgift skal vere 17,2 mill. kroner lågare. Denne potten er budsjettert samla på ansvar 100 Kommunedirektør.

Makroøkonomiske tilhøve

Norsk økonomi er inne i sitt tredje år med konjunkturoppgang. Aktiviteten aukar over heile landet og i dei fleste næringar. Oppgangen er venta å halde fram, og veksten i fastlandsøkonomien blir anslått til å ligge høgare enn den langsiktige trenden både i år og neste år.


Betringa i arbeidsmarknaden held fram: Stadig fleire kjem i jobb. Berre det siste året har 50 000 fleire personar kome seg i jobb. Av desse er fire av fem i privat sektor. Den registrerte ledigheita har ikkje vore lågare på ti år. I nasjonalbudsjettet for 2020 blir det anslått at den registrerte ledigheita vil avta frå 2,2 % i år til 2,1 % i neste år.

I regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2020 er bruken av oljeinntekter redusert med 0,2 %-poeng frå 2019, målt som del av verdiskapinga i fastlandsøkonomien, og anslått til 243,6 mrd. kroner. Det tilsvara 2,6 % av anslått verdi i Statens pensjonsfond utland ved inngangen til året.

Indre faktorar

Gjeldsgrad

Grafen nedanfor viser utvikling i langsiktig gjeld i % av driftsinntektene for kommunane Jølster, Førde, Gaular, Naustdal og Sunnfjord.




Ordinære renter og avdrag på lån skal finansierast av driftsinntektene, og indikatoren syner langsiktig gjeldsbelastning i høve desse. Hovudregelen er at kommunar med avgrensa økonomisk handlingsrom, er kjenneteikna ved at dei har korrigert netto lånegjeld på over 75 % av inntektene.

Den høge gjeldsgraden legg beslag på det økonomiske handlingsrommet til Sunnfjord kommune. Uføresette endringar i rentenivået kan få direkte konsekvens i drifta og utgjør såleis ein stor risiko. Rentnivået er i tillegg bestemt av faktorar vi ikkje rår over.

Disposisjonsfond

Grafen nedanfor viser utvikling i disposisjonsfond i % av driftsinntektene for kommunane Jølster, Førde, Gaular, Naustdal og Sunnfjord.



Hovudregelen er at kommunar med avgrensa økonomisk handlingsrom, er kjenneteikna ved at dei har disposisjonsfond på under 5 % av inntektene.

Sunnfjord kommune har eit høgare nivå enn dette, men det må og sjåast opp mot høgare langsiktig gjeld. Det er Førde som trekker opp nivået på disposisjonsfond.

Økonomiske handlingsreglar

Ny kommunelov legg opp til meir langsiktig og heilskapleg økonomiforvaltning gjennom plikt til å vedta økonomiske måltal.

Fellesnemnda har vedteke følgjande handlingsreglar for Sunnfjord kommune:

Netto driftsresultat i % av driftsinntekter

B2020 B2021 B2022 B2023

1,25 % 1,50 % 1,75 % 1,75%

Det er realistisk for Sunnfjord kommune å nå eit netto driftsresultat på minimum på 1,75 % av driftsinntektene innan 2022 med ein moderat auke dei to første åra. Netto driftsresultat på 1,25 % av driftsinntektene utgjer om lag 20,0 mill. kroner i 2020.

Langsiktig lånegjeld i % av driftsinntekter

B2020	B2021	B2022	B2023
130 %	130 %	130 %	130%

Nye låneopptak (utanom Husbanken) skal ikkje overstige avdragsutgiftene

Lån gjennom Husbanken kjem i tillegg til handlingsregelen over, og bør ikkje overstige den forventa løns- og prisveksten. For 3 % vekst vil dette utgjer om lag 60 millionar kroner.

Ekstraordinære innbetalingar går til nedbetaling av gjeld.

Disposisjonsfond i % av driftsinntekter

B2020	B2021	B2022	B2023
5,8 %	5,8 %	5,8 %	5,8%

Sunnfjord kommune bør halde nivået på disposisjonsfondet gjennom planperioden. Dette må sjåast i samanheng med den høge gjeldsgraden kommunen har.

[Link til vedteke saksdokument for politiske avklaringar av handlingsreglar.](#)

Samanlikning med andre

KOSTRA – Kommune Stat rapportering

Agenda Kaupang har gjennomført ei [økonomianalyse av Sunnfjord kommune](#) med bakgrunn i KOSTRA-tal for 2018. Fullstendig analyse følgjer som eige vedlegg.


I analysen er Sunnfjord kommune samanlikna med dei samanslåtte kommunane Førde, Gaular, Naustdal og Jølster. I tillegg til Mandal, Karmøy og Kommunegruppe 13, som er kommunar med 20.000 – 120.000 innbyggjarar.

Hovudkonklusjonane er at Sunnfjord kommune har god tenestekvalitet, svake finansar og et høgt kostnadsnivå i tenestene samanlikna med Kommunegruppe 13.

Tabellen nedanfor viser at kostnadsnivået i Sunnfjord var 53 mill. kroner høgare enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 13 i 2018. Dei tenestene som vart drive dyrare enn gjennomsnittet i kommunegruppa er administrasjon, grunnskule, barnehage, helse, sosial, plan, kyrkje, samferdsel, næring og bustad. Dei tenestene som vert drive med lågare kostadar enn kommunegruppa er pleie og omsorg og kultur. Utgifter til brann er lik gjennomsnittet i kommunegruppa.

	Innsparingspotensialet målt mot sammenlikningskommuner og kommunegruppen						
	Førde	Gaular	Naustdal	Jølster	Mandal	Karmøy	Kostra- gruppe 13
Administrasjon	29	-20	-43	-33	28	33	7
Grunnskule	20	-45	-39	-2	11	-1	11
Barnehage	-5	13	-11	18	27	33	28
Pleie og omsorg	9	46	23	-104	-8	-43	-17
Barnevern	5	-26	-17	14	-32	2	5
Helse	-4	6	2	4	6	17	9
Sosial	3	-3	-15	0	12	10	5
Kultur	-8	17	8	11	-31	-5	-16
Plan	2	-8	0	-1	-1	1	4
Kirke	5	-15	-5	0	5	3	4
Brann	1	1	5	-8	-1	-5	0
Samferdsel	6	-2	-11	-14	9	13	11
Næring	1	-7	-13	14	0	3	2
Bolig	5	-10	-5	-6	-8	2	1
Sum	68	-52	-122	-106	15	62	53

Figur 11 Innsparingspotensial for Sunnfjord kommune i millioner kroner 2018



DEL II - DRIFT

Bakgrunn for driftsbudsjett

Kommunane vedtek to ulike budsjett: driftsbudsjett og investeringsbudsjett:

- Driftsbudsjettet omfattar drift av alle tenestene kommunen utfører
- Investeringsbudsjettet omfattar investeringane og korleis desse er finansiert

Frie inntekter

Frie inntekter består av rammetilskot frå staten, skatt (frå private og føretak), eigedomsskatt, momskompensasjon og andre ikkje øyremerka statlege tilskot.

Desse utgjer hovudfinansieringskjelda for drift av tenestene kommunen utfører.

Rammetilskot og skatt

I regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2020 er sum rammetilskot og skatteinntekter for Sunnfjord kommune berekna til 1 375 147 000 kroner. Det er ein vekst på 1,8 % frå 2019 til 2020.

Budsjetterte frie inntekter for Sunnfjord kommune i 2020 har lagt til grunn framlegg i statsbudsjettet. I tillegg er det lagt til grunn ein delvis kompensasjon for tapt inntektsutjamning på 4 mill. kroner årleg (sjå omtale inntektsutjamning på neste side):

(tal i 1000 kr)	2019	2020	2021	2022	2023
Innbyggartilskot m/utg.utj og INGAR	651 161	620 288	624 779	630 286	635 785
Inndelingstilskot	14 926	62 446	62 446	62 446	62 446
Regionsentertilskot	4 602	4 749	4 752	4 752	4 752
Ordinært skjønn	13 000	13 000	13 000	13 000	13 000
Endringar/innlemmingar frå 2019 til 2020	6 056				
Kompensasjon tap inntektsutjamning		4 000	4 000	4 000	4 000
SUM rammeoverføring	689 745	704 483	708 977	714 484	719 983
Skatt	628 320	641 509	641 509	641 509	641 509
Inntektsutjamning	32 479	33 155	33 155	33 155	33 155
SUM pårekna frie inntekter	1 350 544	1 379 147	1 383 641	1 389 148	1 394 647
Vekst frå året før		2,1 %	0,3 %	0,4 %	0,4 %

Det er i tabellen ovanfor lagt til grunn ein årleg realvekst på 1,35 mrd. kroner eller 0,4 % i åra 2021 – 2023. Pris- og lønsvekst i åra 2021 – 2023 kjem i tillegg.

Inndelingstilskot

Inndelingstilskotet for Sunnfjord kommune utgjer 62 446 000 kroner i 2020. Dette erstattar basistilskot og småkommunetillegg for kommunar som slår seg saman. Sunnfjord kommune vil få fullt inndelingstilskot i femten år etter samanslåinga, før tilskotet deretter blir trappa ned over fem år. Tilskotet blir tillagt årleg priskompensasjon.

Inntektsutjamning

Inntektsutjamning omfordeler skatteinntekter mellom kommunar ved at kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet blir kompensert for deler av avviket til landsgjennomsnittet. Kommunar med skatteinntekter over landsgjennomsnittet får eit tilsvarande trekk. Kommunar med skatteinntekter som er lågare enn 90% av

landsgjennomsnittet får eit ekstra inntektsutjamnande tilskott. Talgrunnlaget i tabellen over er henta frå framlegg til statsbudsjett og viser at Sunnfjord kommune får ein auke i inntektsutjamninga frå 32,5 mill. kroner til 33,2 mill. kroner frå 2019 til 2020. Inntektsutjamninga endrar seg gjennom året med bakgrunn i faktisk skatteinngang i kvar kommune. Tidlegare berekningar og oppdaterte tal over inntektsutjamninga i Førde; Jølster, Gaular og Naustdal for 2019 viser at Sunnfjord kommune taper ca. 8 mill. kroner i samla rammetilskot og skatteinntekter frå 2019 til 2020. Prognose for skatt pr. innbyggjar som andel av landssnittet er 90,3 % for Sunnfjord kommune i 2020.

Endringar/innlemmingar frå 2019 til 2020

Ein del øymerka tilskott i 2019 blir i 2020 lagt inn i rammetilskotet. Samla endringar/innlemmingar i rammetilskot frå 2019 til 2020 utgjer 6 056 000 kroner. Tabellen nedanfor oppsummeringar endringar/innlemmingar i [samsvar med oversikt frå fylkesmannen](#). Det er viktig å understreke at Sunnfjord kommune står fritt til å disponere desse midlane.

Justering for:	Statsbudsjett	Budsjett 2020	Ansvar
NAV kontaktsenter	- 31 000		
Overføring av skatteoppkreving til Skatteetaten	- 2 678 000	- 2 678 000	130
Psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene	879 000	879 000	440
Dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens	1 534 000	1 300 000	460
Tilskot til habilitering og rehabilitering	362 000	240 000	410
Tilskot til samordning av lokale rus- og kriminalitetsforebyggjande tiltak	26 000		
Tidleg innsats i skulen, auka lærartettheit 1.-10. trin n	3 948 000	3 948 000	210- 225
Statleg/private skular, auke i elevtal	- 711 000		
Gratis kjernetid barnehage 2-åringar - heilårseffekt 2020	240 000	240 000	310- 324
Auka foreldrebetaling frå 1.8.19 heilårseffekt 2020	- 345 000	- 345 000	310- 324
Nettoge vinst gjennomføring av prøver	- 5 000		
Moderasjonsordningar SFO 1.8.2020, innt.grad. 1.-2. trin n	242 000	242 000	210- 225
Gratis SFO til barn med særskilte behov på 5.-7. trin n	87 000	87 000	210- 225

Tilskot til leirskuleopplæring	233 000		
Myndigheit etter naturmangfaldslova for mindre verneområder	10 000		
Myndigheit etter forureiningslova	7 000		
Etablering og tilpassing av bustad	2 064 000	2 064 000	900
Forvaltning av landbrukspolitiske tilskot	43 000		
Tilskot til gang- og sykkelveggar	202 000		
Helsetasjons- og skulehelseteneste	- 12 000		
Frivilligsentralar	- 39 000		
SUM justeringar	6 056 000	5 977 000	

Kolonne budsjett 2020 viser kva som er budsjettert i Sunnfjord kommune i 2020 og på kva ansvar (nummer på driftseining).

Eigedomsskatt

Utdrag omtale i framlegg til statsbudsjett


Det er vedteke for 2020 at maksimal skattesats for eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar blir redusert frå sju til fem promille. Det er også vedteke for 2020 at obligatorisk reduksjonsfaktor i eigedomsskattetaksten blir auka til 30 prosent for bustad- og fritidseigedomar.

Det er framlegg for 2021 at maksimal skattesats for eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar blir redusert ytterlegare frå fem til fire promille.

Harmonisering av eigedomsskatt ved kommunesamanslåing

Regjeringa føreslår ei overgangsordning i eigedomsskattelova for eigedomsskatt ved kommunesamanslåing. Det vil legge til rette for harmonisering av eigedomsskatten i ny kommune.

Det er framlegg om ein overgangsperiode på tre år. I denne overgangsperioden kan kommunane auka satsane med inntil ei promilleeining per år på bustad og fritidseigedomar og to promilleeiningar per år for næringseigedom.



I overgangsperioden kan ulike delar av den nye kommunen ha ulike skattesatsar for eigedomsskatt på same type eigedom. Overgangsperioden skal nyttast til å harmonisera eigedomsskatten i den nye kommunen.

Det er valfritt om kommunen startar samordning det første eller andre året etter samanslåing. Dersom kommunane vel å utsetje oppstart av overgangsperioden, vil tilhøva med omsyn til eigedomsskatt vera uendra det første året etter samanslåing. Dette vil til dømes gi meir tid til å gjennomføre ei taksering.

Nye reglar vil tre i kraft frå og med eigedomsskatteåret 2020.

Skattesats

Tabellen nedanfor oppsummerer vedtekne skattesatsar for budsjett 2019 i kvar av kommunane.

Skattesats 2019	Næring	Bustad og fritid
Førde	0,60 %	0,24 %
Gaular	0,70 %	0,37 %
Jølster	0,70 %	0,50 %
Naustdal	0,45 %	0,45 %

Stortinget har vedteke at maksimal skattesats for bustad og fritid vert redusert frå 7 til 5 promille i 2020. Det er framlegg for 2021 at maksimal skattesats for bustad og fritid blir redusert ytterlegare frå 5 til 4 promille. Vidare er det vedteke at ein maksimalt kan auke skattesatsen med 1 promille-poeng frå eitt år til eit anna.

Skattegrunnlag

Stortinget har også vedteke at det vert innført ein obligatorisk reduksjonsfaktor på 30 % på skattegrunnlaget for bustad og fritidseigedommar..

I dag er det berre Førde kommune som har kommunestyrevedtak om reduksjonsfaktor (10%), medan Gaular, Jølster og Naustdal tek utgangspunkt i fastsette takstar.

Konsekvens

Sunnfjord kommune vil oppleve eit reelt inntektstap som følgje av obligatorisk reduksjonsfaktor på 30 % og eit tak på 5 promille på bustad og fritid.

Dersom Førde kommune hevar skattesatsen frå 2,4 promille til 3,1 promille vil skattetrykket for innbyggjarane i Førde vere det same som tidlegare og kommunen vil ta inn den same summen i eigedomsskatt som i dag. For kommunane Gaular, Jølster og Naustdal vil ein måtte operere med skattesatsar som ligg over 5 promille for å oppnå dei same inntektene som i dag. Dersom skattesatsen for dei tre kommunane blir heva til 5 promille (maks) vil ein tape ca. 4,175 mill. kroner i 2020 aukande til 7,0 mill. kroner i 2021.

	Skattesats 2019 Bustad og fritid	Skattegrunnlag 2019 Bustad og fritid	Skatteinntekt 2019 Bustad og fritid	Skattegrunnlag med 30% reduksjonsfaktor og kontorjustering	2020 Skatteinntekt med 30% reduksjonsfaktor og uendra skattesats	2020 Skattesats for å oppnå tilsvarande inntekt som i 2019	Tap 2020 5 ‰	Tap 2021 4 ‰
Førde	0,24 %	8 041 564 800	19 300 000	6 735 670 000	15 010 921	0,309 %		
Gaular	0,37 %	1 312 575 500	4 857 000	1 002 330 000	3 399 571	0,529 %	-539 000	-1 182 000
Jølster	0,50 %	1 124 209 528	5 621 000	858 487 000	3 934 733	0,714 %	-1 686 000	-2 473 000
Naustdal	0,45 %	1 949 790 000	8 774 000	1 364 853 000	6 141 839	0,643 %	-1 950 000	-3 315 000
Sunnfjord kommune		12 428 139 828	38 552 000	9 961 340 000	28 487 063	0,387 %	-4 175 000	-6 970 000

Underbudsjettering

I Jølster kommune sitt budsjett for 2019 er det budsjettert med 15 mill. kr i eigedomsskatt frå næring (inkl. kraftverk). Denne budsjettposten er truleg sett 5,2 mill. kr for høgt, og utfordrar budsjettforslaget til Sunnfjord kommune tilsvarende.

Jølster har i sin økonomiplan for 2020 også lagt inn ein auke i eigedomsskatten for næring med nye 6 mill. kr relatert til Jølstra kraftverk og utbygging av tre nye kraftverk i kommunen. Etter å ha mottatt grunnlaget for eigedomsskatt på kraftverk frå skatteetaten for 2020, er det ikkje realistisk med så stor auke i eigedomsskatten knytt til desse kraftutbyggingane i 2020. Dei budsjetterte inntektene frå eigedomsskatt for Jølster kommune i 2020 ligg såleis ca. 11,3 mill. kr for høgt.

Føresetnader for budsjettert eigedomsskatt

Kommunedirektøren sitt utgangspunkt var at Sunnfjord kommune måtte ha like store inntekter frå eigedomsskatt som dei fire kommunane har budsjettert med i 2019 og planlagt med i 2020. Med det store avviket for Jølster sin del kombinert med endringar i eigedomsskattelova, er ikkje dette mogeleg å innfri utan at det fører til urimeleg auke i eigedomsskatten i deler av den nye kommunen – i praksis tidlegare Førde kommune.

For å kompensere deler av avviket, foreslår kommunedirektøren følgjande:

- Skattegrunnlaget for bustad og fritid i dei tidlegare kommunane Førde, Gaular og Jølster blir kontorjustert med 10%. (Naustdal har nyare takstar og ein kan ikkje gjere tilsvarende her. Det er fortsatt ikkje slått endeleg fast om det er høve til å gjere ei slik kontorjustering for samanslåingskommunane.).
- Skattegrunnlaget blir redusert med ny obligatorisk reduksjonsfaktor på 30% (Førde har 10% i dag, og reduksjonen blir gjort slik at også Førde får 30% reduksjon i skattegrunnlaget).
- Skattesatsane for bustad- og fritidseigedommar blir auka med
 - Gaular: 1‰-poeng frå 3,7 til 4,7‰ – endring i skatteinntekter frå 2019: -3%
 - Naustdal: 0,5‰-poeng frå 4,5 til 5,0‰ (max) - endring i skatteinntekter frå 2019: -23%
 - Førde: 0,8‰-poeng frå 2,4 til 3,2‰ - endring i skatteinntekter frå 2019: +12%
 - Jølster: ingen auke – har 5‰ i dag – endring i skatteinntekter frå 2019: -23%
 Total auke i eigedomsskatteinntektene frå bustad- og fritidseigedommar utgjer 1,8 mill. kr.
- Skattesatsane for næringsseigedommar blir auka med:
 - Gaular: ingen auke – har 7‰ i dag (max)
 - Naustdal: 0,5‰-poeng frå 4,5 til 5,0‰ - endring i skatteinntekter frå 2019: +11%
 - Førde: 0,5‰-poeng frå 6 til 6,5‰ – endring i skatteinntekter frå 2019: +8%
 - Jølster: ingen auke – har 7‰ i dag (max)
 Total auke i eigedomsskatteinntektene frå næringsseigedommar utgjer 2,2 mill. kr.
- Skattesats særskilte skattegrunnlag skal vere som i 2018.
- Naustdal kommune har praktisert fritak for nye bustader i 5 år. Vedtaket blir gjort for eitt og eitt år om gangen. Både av omsyn til budsjettbalansen og av omsyn til at det bør vere like reglar i dei fire kommunane, tilrår ikkje kommunedirektøren at denne ordninga blir ført vidare. Innbyggjarane i Naustdal kommune får også redusert eigedomsskatten med nesten ¼ som følgje av nye reglar i eigedomsskattelova.
- For 2021 og åra etter reknar vi med at nytt skattegrunnlag som følgje av nytaksring veg opp for at skattesatsen på bustad- og fritidseigedommar blir ytterlegare redusert frå 5‰ til 4‰.

Oppsummert

	2019	2020	2021	2022	2023
Bustad og fritid	38 121	38 550	38 550	38 550	38 550

Næring	36 709	36 750	36 750	36 750	36 750
Jølstra kraftverk			2 000	2 000	2 000
3 nye kraftverk			1 000	1 000	1 000
SUM	74 830	75 300	78 300	78 300	78 300

Det er lagt til grunn 3 % auke i eigedomsskatteinntektene frå 2019 til 2020 som følgje av nye skatteobjekt. Samla årleg eigedomsskatteinntekter er budsjettert med 75,3 mill. kroner.

Eigedomsskatt frå Jølstra kraftverk og 3 nye kraftverk i Jølster blir justert ned frå 6 mill. kr til 3 mill. kr for åra 2021 – 2023.

Det er utarbeidd eit forprosjekt som vart presentert for fellesnemnda i 2019 om korleis ein skal harmonisere eigedomsskatten i den nye kommunen. Tre av kommunane har takstar som er eldre enn 10 år, og forprosjektet konkluderer med at det bør gjennomførast eit prosjekt der alle eigedommane i kommunen blir taksert på nytt. Det er ikkje sett av pengar i budsjettet for 2020 til dette. Kommunedirektøren vil komme tilbake til kommunestyret med ei eiga sak om finansiering og organisering av eit slikt prosjekt. Prosjektkostnaden vil truleg vere ca. 5 mill. kr, og bør finansierast med eigedomsskatten i 2021.

Konsesjonskraft

Eigarar av større vasskraftanlegg pliktar å levere ein andel av krafta som vert produsert til kommunane som er berørt av kraftutbygginga. Denne konsesjonskrafta skal leverast til ein pris som loven fastset.

Tabellen nedanfor oppsummerer grunnlag for budsjettert årleg konsesjonskraftinntekt i Sunnfjord kommune. Det er lagt til grunn ein garantert minstepris på 331 kr/MWh, kjøpspris på 160 kr/MWh og ein administrasjonskostnad på 18 kr/MWh. Det gir sammal ei konsesjonskraftinntekt på 5,3 mill. kr for Sunnfjord kommune.

Kraftverkseigar	Kraftverk	Beskriving	Område	Volum MWh/år	Nettopris
BKK	Mo	Konsesjonskraft	NO3	3 048	466 344
BKK	Brulandsfoss	Konsesjonskraft	NO3	1 861	284 670
BKK	Brulandsfoss	Konsesjonskraft	NO3	552	84 396

BKK	Stakaldefoss	Konsesjonskraft	NO3	875	5	898 899
BKK	Kjøsnesfjorden Kraftverk	Konsesjonskraft	NO3		12 982	1 986 295
BKK	Mo/Brulandsfoss	Konsesjonskraft	NO3		443	67 779
Statkraft Energi	Høyanger KSA	Konsesjonskraft	NO3	569	2	393 057
Statkraft Energi	Høyanger KSA	Heimfallskraft	NO3	400	7	1 132 200
SUM					34 730	5 313 641

Kraftskatteutvalet har i NOU2019:16 anbefalt å avvikle konsesjonsordninga. Forslaget er no på høring med høyringsfrist 31.12.2019. [Link til omtale på nettsida til LVK \(Landssamanslutning av Vasskraftkommunar\)](#)

Andre inntekter

Kommunale gebyr og avgifter

Kommunar skal fastsetje gebyr for kommunale tenester i samsvar med sjølvkostprinsippet. Sjølvkostprinsippet er at gebyr frå innbyggjarar i sum ikkje kan overstige kostnaden med å levere tenesta.

Sunnfjord kommune legg til grunn kommunale gebyr innanfor tenestene vatn, avløp, renovasjon, feiing og slam. Desse områda skal finansierast til 100 % sjølvkost. Eventuelt for mykje eller lite innkravd gebyr vert sett av/brukt av øymerka fond. Det betyr at kostnaden på desse områda (over tid) skal vere tilsvarande det innbyggjarane betaler i kommunale avgifter og gebyr.

Det er ulikt avgiftsnivå i dei fire kommunane i 2019. Variasjonen kan forklarast ved at kommunane har ulikt behov i drift og investering på sjølvkost-områda, ulike berekningar og gebyrintervall og ulikt innbyggartal.

Det blir ingen geografisk differensiering av avgifter og gebyr i ny kommune. Dei kommunale avgiftene skal vere like i heile Sunnfjord.

Det blir lagt fram eiga politisk sak for fastsetjing av kommunale gebyr for 2020.

Refusjon ressurskrevjande tenester

Alle kommunar som yter særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester til enkeltmottakarar kan søke om delvis refusjon av direkte lønsutgifter knytt til desse tenestene.

Omtale av ordninga i statsbudsjett 2020

Ordninga med øymerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2020 vil vera basert på direkte lønsutgifter i 2019 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2020:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per tenestemottakar frå kr 1,270 mill. til kr 1,361 mill. for netto utgifter i 2019. Det inneber ein auke på kr 50.000,- utover justering for pårekna lønsvekst i 2019 (3,2 prosent).

- *Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2020 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2019. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.*
- *Tilskot for personar med psykisk utviklingshemming (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle statlege øyremerkte tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.*

Det er budsjettert 51,1 mill. kroner i samla refusjon i eksisterande kommunar i 2019. Oppdatert budsjettkontroll pr. oktober 2019 tyder på samla tilskot på 49,9 mill. kroner. I budsjettet for 2020 er samla tilskot budsjettert med 50 mill. kroner. Grunnlaget for budsjettert refusjon er oppdatert budsjettkontroll i 2019 justert for endringar i tenesteomfang og løns- og prisvekst.

Tilskot på 50 mill. kroner er budsjettert samla på ansvar 900 finansielle føremål.

(1000 kr)	Sum 2019	2020	2021	2022	2023
Tilskot ressurskrevjande tenester	- 51 126	- 50 049	- 50 049	- 50 049	- 50 049

Integreringstilskot

Integreringstilskot blir tildelt kommunane som busett flyktningar etter avtale med IMDI, og baserer seg på kommunen sin plikt til å tilby heiltid og heilårleg introduksjonsprogram.

Introduksjonslova sitt formål § 1 er å «styrke nyankomne innvandreres mulighet for deltakelse i yrkes- og samfunnslivet, og deres økonomiske selvstendighet».

Introduksjonsprogrammet skal minimum innehalde norsk, samfunnsfag og tiltak som førebur til vidare opplæring eller tilknytning til arbeidslivet (§4).

Kommunane får integreringstilskot som generelt statstilskot for kvar flyktning/asylsøklar kommunen tek i mot. Tilskotet pr. flyktning er høgst andre året og vert så gradvis trappa ned over ein perioden på 5 år. Utover integreringstilskotet får kommunen tilskot til norskopplæring, tilskot for flyktningar med nedsett funksjonsevne og bustønad.

I 2017 vart det i kommunane som utgjør Sunnfjord kommune busett 57 flyktningar og i 2018 totalt 33.

Oppmoding om busetjing frå IMDI er i 2019 på 34 flyktningar. Status per 1. november er 12 busette i Førde og 6 i Jølster. Om talet blir ståande er det 16 færre enn forventa.

Sunnfjord kommune er oppmoda av IMDI til å busetje 32 flyktningar i 2020. Det vert lagt fram eiga sak til kommunestyret i Sunnfjord om busetjing av flyktningar.

Det er budsjettert eit statleg integreringstilskot til busetjing av flyktningar på 52,1 mill. kroner årleg i planperioden.

(1000 kr)	Sum 2019	2020	2021	2022	2023
Tal nye busetjingar	34	32	32	32	32
Statleg tilskot til flyktningar	- 53 440	- 52 100	- 52 100	- 52 100	- 52 100

Finans

Finanspostar omfattar rente- og avdragsutgifter, renteinntekter, rentekompensasjon, avkastning på plasserte midlar og utbytte.

Renter og avdrag

Budsjetterenter 2020 – 2023

Norges Bank økte styringsrenta med 0,25 % til 1,5 % på møte 19. september 2019. Norges Bank varslar samtidig at dagens rentenivå mest sannsynleg blir verande rundt dette nivået ei god stund framover. Dette er ein viktig premis for budsjetterenter fram til 2023.

	2019	2020	2021	2022	2023
Tidlegare budsjettguide	2,5	2,5	3,0	3,0	3,0
Anslaglånerente		2,6	2,6	2,5	2,5
Budsjett og økonomiplan		2,5	3,0	3,0	3,0

Renteutgifter og avdrag

Samla gjeld for Sunnfjord kommune pr. 01.01.2020 utgjer 2,6 mrd. kroner. Gjelda fordeler seg mellom ordinære lån og startlån (lån til vidare utlån).

Tabellen nedanfor viser føresetnad for budsjettert rente og avdragkostnad kvart av åra i budsjett- og økonomiplanperioden. Handlingsregel om å ikkje auke langsiktig lånegjeld er lagt til grunn i tabellen, ved at nye lån kvart av åra er lik årleg betalt avdrag. Førebelse berekningar av minste tillate avdrag i 2020 tyder på at avdragskostnaden må aukast.

Ordinære lån	2019	2020	2021	2022	2023
Rentenivå	2,5 %	2,5 %	3,0 %	3,0 %	3,0 %
Langsiktig gjeld pr. 01.01.	2 205 567 000	2 343 493 100	2 343 493 100	2 343 493 100	2 343 493 100
Nye lån i året	211 445 000	80 916 437	80 916 437	80 916 437	80 916 437
Avdragstid	30	30	30	30	30
Renteutgift	55 139 175	55 787 328	67 504 793	67 504 793	67 504 793
Avdrag	73 518 900	80 916 437	80 916 437	80 916 437	80 916 437
Sum rente og avdrag	128 658 075	136 703 764	148 421 230	148 421 230	148 421 230

Startlån (lån til vidare utlån)

Startlån, tilskot og bustøtte frå Husbanken er grunnpilarane i det bustadsosiale arbeidet i kommunane. Kommunane kan gjennom lån frå Husbanken yte startlån til personar som ikkje får lån i vanleg bank til kjøp av bustad, og som ikkje har moglegheit til å spare. I denne gruppa er det barnefamiliar som skal prioriterast, og 50 % av tildelte startlånsmidlar skal gå til familiar med barn. Dette har samanheng med brei politisk semje om å bekjempe barnefattigdom, og gje barn ein god og trygg plass å bu. Andre grupper er trygdemottakarar og bustadlånstakarar med gjeldsproblematikk som står i fare for at bustaden blir tvangsseld. Sunnfjord kommune legg Husbanken sitt regelverk til grunn for sakshandsaming av søknadane. Det er i budsjett og økonomiplan lagt til grunn at kommunen sin rente- og avdragskostnad til Husbanken vert finansiert gjennom innbetalte rente- og avdragskostnad frå dei som har startlån.

Husbanklån - startlån	2019	2020	2021	2022	2023
Rentenivå	2,5 %	2,5 %	3,0 %	3,0 %	3,0 %
Langsiktig gjeld	226 976 000	259 410 133	300 763 129	340 737 691	379 379 768
Nye lån i året	40 000 000	50 000 000	50 000 000	50 000 000	50 000 000
Avdragstid	30	30	30	30	30
Renteutgift (drift)	5 674 400	6 485 253	9 022 894	10 222 131	11 381 393
Renteinntekt startlån (drift)	- 5 674 400	- 6 485 253	- 9 022 894	- 10 222 131	- 11 381 393
Avdrag (inv.)	7 565 867	8 647 004	10 025 438	11 357 923	12 645 992
Avdragsinntekt startlån (inv.)	- 7 565 867	- 8 647 004	- 10 025 438	- 11 357 923	- 12 645 992

Renteinntekter

Sunnfjord kommune har bankavtale med Sparebanken Sogn og Fjordane. Renteinntekter frå konsernkontoen til Sunnfjord kommune er budsjettert med 8,1 mill. kroner årleg.

(1000 kr)	2020	2021	2022	2023
Konsernkonto	450 000	450 000	450 000	450 000
Rentenivå	1,8 %	1,8 %	1,8 %	1,8 %
Renteinntekt	8 100	8 100	8 100	8 100

Rentekompensasjon

Rentekompensasjon skal stimulere kommunane til å investere gjennom at staten kompenserer rentekostnaden. Renta som blir lagt til grunn blir berekna i samsvar med Forskrift om rente- og avdragsvilkår i Husbanken § 5.

Rentekompensasjon for kyrkjer og kyrkjeinventar

Rentekompensasjon skal stimulerer til sikring og bevaring av kyrkjene, kyrkja si utsmykking og inventar. Ordninga med rentekompensasjon gjeld kyrkjelydar i Den Norske Kyrkja, slik dei er definerte etter kyrkelova § 17. Døvekyrkjer i Den Norske Kyrkja er omfatta av ordninga.

Freda eller verneverdige kyrkjer har høg prioritet. Kommunen eller kyrkjeieigar kan søkje om rentekompensasjon. Det er dei kyrkjelege fellesråda, eventuelt kyrkjelydsrådet i «ettsognskommunar», som søkjer på vegne av kyrkjeieigar.

Du kan søkje om rentekompensasjon til prosjekt som er fullført etter 01.01.2014. Investeringane skal ha ei levetid på minst 10 år. I tillegg kan de få rentekompensasjon ved istandsetting og restaurering av kyrkjeinventar og utsmykking med antikvarisk verdi.

Kostnaden må vere på minst 100 000 kroner.

Sunnfjord kommune vil motta rentekompensasjon for rullestolrampe ved Holsen kyrkje, Sande kyrkje og Viksdalen kyrkje (universell utforming).

Rentekompensasjon for skule og symjeanlegg

Ordninga gjeld prosjekt med løpande rentekompensasjon eller som har fått tilsegn der det ikkje er søkt om utbetaling. Prosjekta må vere ferdigstilt og tilsegna må vere søkt utbetalt innan 31.12.2018, elles blir tilsegna annullert.

Ordninga er avslutta 31.12.2016

Sunnfjord kommune får rentekompensasjon for Førde barneskule, Sunde skule, Førde ungdomsskule, Sande skule (tilbygg/ombygging, heimkunnskapssal, fleirbrukshall), Vassenden skule (tilbygg, påbygg, arbeidsmiljøtiltak) Naustdal barne og ungdomsskule (Nybygg og rehabilitering), Vevring skule.

Kompensasjonstilskot til omsorgsbustadar og sjukeheimar

Investeringsstilskotet skal stimulere kommunane til å fornye og auke tilbodet av plassar på sjukeheimar og omsorgsbustadar for personar med behov for heildøgns helse – og omsorgstenester. Frå 1. oktober i år kan kommunane også søkje om pengar til etablering eller gjenetablering av lokalt produksjonskjøkken i eksisterande sjukeheimar og omsorgsbustadar.

Sunnfjord kommune får rente –og avdragskompensasjon for sjukeheimsutbygging i Førde, Gaular Bygde- og Sjukeheim Omsorgsbustadar, Gaular Bygde- og sjukeheim, Gaular omsorgsbustadar – psykiatri, Omsorgsbustadar Skei, Vassenden Omsorgsbustadar, Skei Sjukeheim, Vassenden Sjukeheim, Vassenden omsorgsbustadar – psykiatri, omsorgsbustadar), Naustdal alders- og sjukeheim, Friishagen Omsorgsbustadar, Naustdal sjukeheim (ombygging og nybygg), Gardsbøen omsorgsbustadar.

(1000 kr)	2019	2020	2021	2022	2023
Rentekompensasjon skular	604	671	594	517	439
Rente- og avdragskompensasjon	3 755	3 823	3 778	3 733	3 688
Rentekompensasjon kyrkjer	17	20	20	19	19
Gevinst på omløpsmidlar (kr)	4 376	4 514	4 392	4 269	4 146

Avkastning på plasserte midlar

I samband med retta emisjon i Sunnfjord Energi AS fekk Førde kommune utbetalt ein eingongssum på 73 955 200 kroner i 2000. Heile summen var opphavleg sett av til fond, og 60 mill. kroner vart plassert i verdipapir. I tillegg plasserte Førde kommune ca. 10 mill. kroner i verdipapir i samband med erstatning for tapt utbygging av Gaularvassdraget.

Pr. oktober 2019 er verdien på plasserte midlar 170,4 mill. kroner. Midlane er plassert hos 3 ulike forvaltningsmiljø.

Det er lagt til grunn 65 % plassert i rentefond til ei forventa avkastning på 3 % og 35 % plassert i aksjefond til ei forventa avkastning på 7 %. Dette gjev ei samla avkastning på 4,4 % årleg.

(1000 kr)	2019	2020	2021	2022	202
Total saldo plasserte midlar	162 960	170 400	177 898	185 725	193 897
Gevinst på omløpsmidlar (%)	4,3 %	4,4 %	4,4 %	4,4 %	4,4 %
Gevinst på omløpsmidlar (kr)	- 7 072	- 7 498	- 7 827	- 8 172	- 8 531

Utbytte

Det er budsjettert årleg utbytte til Sunnfjord kommune på 27,2 mill. kroner i samsvar med tabell nedanfor.

	Totalt utbytte	Eigardel Sunnfjord	Utbytte Sunnfjord
BKK AS	800 000	2,65	21 200
Sogn og Fjordane Energi AS	80 000	0,07	56
Sogn og Fjordane Energi AS (eigarskap Sogn og Fjordane Holding AS)	80 000	7,43	5 946
Eninvest AS	600	0,90	5
Firda Billag AS	3 000	28,16	844
Totalt			27 202
			840

I kommunestyrevedtak 038/19 pkt. 1 i er utbytte frå SF Holding auka med 500.000 kr for å finansiere auka støtte til leigeutgifter i Dragehallen. Vedtaket kjem i tillegg til budsjett i tabell ovanfor.

Driftsbudsjett – oppsummert

	"Sunnfjord"		Sunnfjord			
	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	ØP 2021	ØP 2022	ØP 2023
Driftsinntekter						
Brukerbetalinger	68 242 232	71 968 621	71 963 227	71 963 227	71 963 227	71 963 227
Andre salgs- og leieinntekter	190 517 451	195 595 832	184 698 482	184 698 482	184 698 482	184 698 482
Overføringer med krav til motytelse	286 400 164	184 749 381	165 547 603	165 547 603	165 547 603	165 547 603
Rammetilskudd	701 662 852	721 559 000	737 637 500	742 132 000	747 639 000	753 138 000
Andre statlige overføringer	99 929 133	87 989 604	79 079 753	79 079 753	79 079 753	79 079 753
Andre overføringer	13 813 050	4 743 800	5 372 641	5 372 641	5 372 641	5 372 641
Skatt på inntekt og formue	604 938 692	612 645 000	641 508 500	641 508 500	641 508 500	641 508 500
Eiendomsskatt	68 160 394	73 120 000	75 253 000	78 300 000	78 300 000	78 300 000
Sum driftsinntekter	2 039 793 891	1 952 671 438	1 961 060 706	1 968 602 206	1 974 109 206	1 979 608 206
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	1 045 265 405	1 004 365 372	1 037 187 825	1 037 187 825	1 037 187 825	1 037 187 825
Sosiale utgifter	255 444 953	268 471 968	280 590 186	280 590 186	280 590 186	280 590 186
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	259 706 009	193 349 467	214 288 708	214 288 708	214 288 708	213 288 708
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	248 902 965	239 957 897	190 249 784	189 602 984	189 602 984	190 249 784
Overføringer	145 000 630	140 234 430	133 337 294	133 337 294	133 337 294	133 337 294
Innsparing			- 12 500 000	- 25 000 000	- 25 000 000	- 25 000 000
Fordelte utgifter	-31 006 824	-11 215 963	- 7 722 333	- 7 722 333	- 7 722 333	- 7 722 333
Sum driftsutgifter	2 029 426 874	1 835 163 171	1 835 431 464	1 822 284 664	1 822 284 664	1 821 931 464
Brutto driftsresultat	10 367 016	117 508 267	125 629 242	146 317 542	151 824 542	157 676 742
Finansinntekter						
Renteinntekter og utbytte	19 703 413	26 193 413	43 460 840	43 667 840	43 889 840	44 125 840
Mottatte avdrag på utlån	597 897	110 000		-	-	-
Sum eksterne finansinntekter	20 301 310	26 303 413	43 460 840	43 667 840	43 889 840	44 125 840
Finansutgifter						
Renteutgifter og låneomkostninger	43 261 600	61 445 000	62 282 714	74 000 714	74 000 714	74 000 714
Avdrag på lån	81 570 709	80 765 000	80 916 437	80 916 437	80 916 437	80 916 437
Utlån	986 745	230 000		-	-	-
Sum eksterne finansutgifter	125 819 054	142 440 000	143 199 151	154 917 151	154 917 151	154 917 151
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-105 517 744	-116 136 587	- 99 738 311	- 111 249 311	- 111 027 311	- 110 791 311
Netto driftsresultat	10 963 008	1 371 680	25 890 931	35 068 231	40 797 231	46 885 431
Bruk av disposisjonsfond	16 587 885	12 415 000	646 800	-	-	646 800
Bruk av bundne fond	28 625 833	36 547 876	1 752 000	1 752 000	1 752 000	752 000

Sum bruk av avsetninger	93 216 747	48 962 876	2 398 800	1 752 000	1 752 000	1 398 800
Avsatt til disposisjonsfond	66 233 568	27 816 226	26 300 000	34 830 500	40 559 500	46 294 500
Avsatt til bundne fond	19 204 277	2 813 096	1 989 731	1 989 731	1 989 731	1 989 731
Sum avsetninger	85 437 845	31 369 322	28 289 731	36 820 231	42 549 231	48 284 231
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	18 741 910	0	-	-	-	-

I tabellen er netto driftsresultat i % av driftsinntekter korrigert for at det ikkje vert budsjettert sjuke- og fødselsrefusjon med tilsvarende vikarutgifter.

Det er lagt til grunn gjennomføring av ein innsparingsprosess med mål om innsparing på 12,5 mill. kroner i 2020 aukande til 25 mill. kroner i 2021. Dette er nødvendig for å nå handlingsregel om netto driftsresultat på minimum 1,8 % i 2022. Auka netto driftsresultat gir og auka avsetning til disposisjonsfond og dermed meir eigenkapital som kan nyttast til investeringar.

Det er viktig å understreke at fleire både inntekts- og utgiftspostar er usikre. Vi planlegg månadleg budsjettkontroll og revidering av driftsbudsjett når føresetnadar endrar seg i 2020.

Bevilgningsoversikt - drift

(oppdatert i samsvar med kommunestyrevedtak 038/19)

Bevilgningsoversikt - drift (budsjett)	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Rammetilskudd	737 637 500	742 132 000	747 639 000	753 138 000
Inntekts- og formueskatt	641 508 500	641 508 500	641 508 500	641 508 500
Eiendomsskatt	75 253 000	78 300 000	78 300 000	78 300 000
Andre generelle driftsinntekter	79 079 753	79 079 753	79 079 753	79 079 753
Sum generelle driftsinntekter	1 533 478 753	1 541 020 253	1 546 527 253	1 552 026 253
Sum bevilgninger drift, netto	1 407 849 511	1 394 702 711	1 394 702 711	1 394 349 511
Avskrivninger	-	-	-	-
Sum netto driftsutgifter	1 407 849 511	1 394 702 711	1 394 702 711	1 394 349 511

Brutto driftsresultat	125 629	146 317	151 824	157 676
	242	542	542	742
Renteinntekter	15 758	15 965	16 187	16 423
	000	000	000	000
Utbytter	27 702	27 702	27 702	27 702
	840	840	840	840
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler				-
Renteutgifter	62 282	74 000	74 000	74 000
	714	714	714	714
Avdrag på lån	80 916	80 916	80 916	80 916
	437	437	437	437
Netto finansutgifter	- 99 738	- 111 249	- 111 027	- 110 791
	311	311	311	311
Motpost avskrivninger	-	-	-	-
Netto driftsresultat	25 890	35 068	40 797	46 885
	931	231	231	431
Disp. eller dekning av netto driftsresultat				
Overføring til investering	-	-	-	-
Netto avs. til eller bruk av bundne driftsfond	409	237	237	409
	069	731	731	069
Netto avs. til eller bruk av disposisjonsfond	26 300	34 830	40 559	46 294
	000	500	500	500
Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-
Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat	25 890	35 068	40 797	45 885
	931	231	231	431
Fremført til inndekn. i senere år (merforbruk)	0	0	0	0

Driftsbudsjett fordelt på sektor

Dette kapitlet omfattar sektorvis informasjon om organisering, budsjettframlegg og ikkje løyste utfordringar for kvar av sektorane.


Tabellen nedanfor viser fordeling av samla budsjetttramme på 1 457 mill. kroner mellom dei ulike sektorane i Sunnfjord kommune. Tabellen kan ikkje samanliknast med andre kommunar då det er ulikt korleis tenester er organisering innanfor dei ulike sektorane.

Sektor	"Budsjetttramme"	Budsjett 2020	%-del budsjett 2020
Kommunedirektør, stab og støtte	246 775 201	244 986 521	17 %
Skule	340 254 355	343 769 908	24 %
Barnehage	142 375 237	138 351 045	9 %
Helse og sosial	217 058 133	219 032 743	15 %
Omsorg	376 858 483	393 815 608	27 %
Kultur og idrett	31 752 694	31 330 097	2 %
Teknisk og miljø	72 878 102	87 079 856	6 %
SUM	1 427 952 206	1 458 365 778	100 %

Sidan 2020 er første budsjettår for Sunnfjord kommune har vi ikkje samanlikningstal frå tidlegare år, då kommunane Jølster, Naustdal, Gaular og Førde har organisert tenestene ulikt.

Fellesnemnda vedtok i juni 2019 prinsipp for budsjetttrammer for 2020. Kolonna «budsjetttrammer» skisserer budsjetttrammer for kvar sektor, men det viste seg i budsjettarbeidet å vere svært ressurskrevjande å halde kontroll på alle endringar i «budsjetttrammene» etter kvart som detaljeringsgraden auka. Budsjetttrammene er derfor kunn rettleiande. Samla «budsjetttramme» er ca. 30 mill. kroner lågare enn budsjett 2020. Det er sektoren omsorg som har størst avvik mellom budsjetttramme og budsjett 2020.

Diagrammet nedanfor viser fordeling av samla budsjett 2020 på 1 457 mill. kroner mellom dei ulike sektorane i Sunnfjord kommune.



Tabellen viser budsjett fordelt på kvar enkelt eining:

Ansvar		Budsjett 2020	Ansvar		Budsjett 2020
100	Kommunedirektør	156 684 895	410	Fysio- og ergoterapitenesta	13 564 147
110	Personal	15 796 720	420	NAV	43 951 926
115	Service	26 136 051	430	Legetenesta	45 728 756
120	SySIKT	0	440	Helsestasjonen	20 635 903
130	Rekneskap, lønn og skatt	12 313 527	450	Barnevernstenesta	47 734 795
140	Fagutvikling	24 328 102	460	Aktivitetseininga	29 815 893
150	Næring og samfunnsutvikling	8 423 794	470	Psykisk helse og rus	17 601 323
160	Kommuneadvokaten	1 303 432	510	Førde omsorgssenter, korttid	15 591 545
210	Førde barneskule	21 820 926	511	Førde omsorgssenter, langtid	15 091 346
211	Halbrend skule	41 598 644	512	Førde omsorgssenter, skjerma	15 995 850
212	Karstad skule og barnehage	5 078 524	513	Sande omsorgssenter	23 482 625
213	Sunde skule	15 661 630	514	Naustdal omsorgssenter	15 905 914
214	Holsen skule og barnehage	8 859 419	515	Skei omsorgssenter	22 812 731
215	Frøysland skule	3 492 823	530	Sande heimeteneste	11 820 016
216	Vevring skule og barnehage	3 784 971	531	Naustdal heimeteneste	20 518 604
217	Slåtten skule	30 702 339	532	Skei heimeteneste	17 731 721
218	Flatene skule	21 090 952	533	Vassenden heimeteneste	14 439 404
219	Førde ungdomskule	28 005 231	534	Førde heimeteneste, eining 1	26 731 055
220	Viksdalen skule	8 763 046	535	Førde heimeteneste, eining 2	33 113 401
221	Sande skule	28 641 392	550	Skei bu- og miljøteneste	12 734 727
222	Bygstad skule	12 860 960	551	Førde bu- og miljøteneste, sone 1	16 309 587
223	Skei skule	17 969 182	552	Førde bu- og miljøteneste, sone 2	14 511 919


224	Vassenden skule	28 132 929	553	Førde bu- og miljøteneste, sone 3	17 053 473
225	Naustdal skule	40 076 916	554	Sande bu- og miljøteneste	17 057 466
260	PPT	12 285 272	555	Naustdal bu- og miljøteneste	22 056 696
270	Flyktningar og integrering	14 944 752	556	Bu- og avlastingstenesta	12 730 689
310	Slåttebakkane barnehage	7 232 644	570	Butiltak psykisk helse	24 701 755
311	Halbrend barnehage	7 828 781	580	Tildelingseininga	6 845 445
312	Vie barnehage	14 396 044	590	Kjøkkentenesta	16 579 639
313	Solsida barnehage	15 587 399	610	Kultur og ungdom	11 059 902
314	Vieåsen barnehage	8 931 775	620	Idrett og friluftsliv	5 667 378
315	Tusenfryd barnehage	9 000 353	630	Kulturskulen	7 944 152
316	Hatlehaugen barnehage	6 711 614	640	Bibliotek	6 658 665
317	Ytre Hafstad barnehage	9 436 953	710	Bygg og eigedomsforvaltning	7 928 304
318	Nærleiken barnehage	12 466 396	720	Reinhald og vaskeri	44 942 149
319	Sunde barnehage	8 423 441	730	Teknisk drift	23 377 744
320	Viksdalen barnehage	2 440 279	740	Brann og redning	18 167 631
321	Bygstad barnehage	7 857 667	750	Areal og byggesak	11 319 000
322	Skei barnehage	8 587 665	760	Landbruk og miljø	8 978 685
323	Langhaugane barnehage	8 173 015	770	VAR	-27 633 657
324	Lunden barnehage	11 277 019		SUM	1 458 365 778

Vedlagt budsjettdokumentet følger budsjettomtale frå kvar enkelt eining.

Skule

Budsjettråme for sektoren: 344 mill. kroner
Stafsnes Tal årsverk i sektoren: 470

Tal einingar i sektoren: 18 Kommunalsjef: Åge




Organisering av sektoren

Skule	Trinn	Elevtal	Klassar	SFO	Årsverk	Leiar
Bygstad skule	1-7	102	7	27	17,98	Kirsten Råheim
Flatene skule	1-4	225	11	177	32	Per Inge Seime
Flyktning og integrering					16,6	Aud Sletteland Solheim
Frøysland skule	1-7	20	2		3,53	Lilly Grøneng
Førde barneskule	1-7	249	14	127	37,49	Therese Helland
Førde ungdomsskule	8-10	275	12+3*		34,9	Hallgeir Hamre
Halbrend skule	5-10	451	19		51,1	Sølvi Søggen
Holsen skule	1-7	31	3	14	13,32	Synneve Reiakvam
Karstad skule	1-7	8	1	5	3,54	Per Inge Seime
Naustdal skule	1-10	363	20	63	54,34	Gunn Marit Haugsbø
PPT					11,6	Asbjørn Knapstad
Sande skule	1-10	291	16	30	44,93	Rune Kvammen
Skei skule	1-10	136	10	16	22,2	Annette Dale Natås
Slåtten skule	1-7	386	7	Ja	45,2	Turid Hatlem
Sunde skule	1-7	175	7	Ja	21,4	Anne Finsveen Midtbø
Vassenden skule	1-10	288	16	50	41,93	Anne Cecilie Kapstad
Vevring skule	1-4	9	1	3	5,23	Helga L. Sæbø
Viksdalen skule	1-10	50	4	6	12,43	Jorunn Hope

* Førde ungdomsskule har 2 GMU klassar (grunnskule for minoritetsspråkleg ungdom) og 1 innføringsklasse.

Det er 16 skular som varierer i storleik frå eit elevtal frå 451 på den største skulen, til den minste skulen med 9 elevar. I Sunnfjord kommune er det variasjon mellom fådelte skular,



kombinererte skular, ungdomsskular og barneskular. Kvar skule er leia av ein einingsleiar (rektor). Skulane får tildelt leiingsressurs, merkantil ressurs og undervisningsressurs utrekna etter skulen sitt samla elevtal.

Av dei 16 skulane tilbyr 13 av dei SFO. I tillegg til ordinær SFO i aldersgruppa 1. – 4. trinn, har elevar med særskilt behov rett på SFO plass frå 5. – 7. trinn. Skular som ikkje tilbyr ordinær SFO kan tilby SFO spesial ved behov. Dei fleste skulane har dagleg leiar for SFO. Storleiken på stillinga er utrekna etter tal barn i SFO og følgjer avtalen om ressurs til leing (SFS 2201).

I tillegg til undervisning og SFO skal skulane tilby leksehjelp. Det er opna opp for at kommunane kan tilby leksehjelp på alle trinn. I Sunnfjord kommune er leksehjelp i hovudsak lagt på 1.-7. trinn.

Skulane skal drive si undervisninga etter forskrift om fag- og timefordeling. Fag- og timefordeling fastsett timetalet elevane skal ha i faga, i økter a 60 minutt. I nokre fag kan kommunane flytte timar mellom trinn. Det er utarbeidd fag- og timefordeling for Sunnfjord kommune. Elevar på 1. – 4. trinn skal ha 19 veketimar, 5. – 7. trinn 21 timar og 8. – 10. trinn 23 veketimar.

I tillegg til minste timetal, skal skulen gi tilpassa opplæring og spesialundervisning etter kap. 5 i opplæringslova. Spesialundervisninga er organisert ulikt og blir etter sakkunnig uttale gitt som einetimar, timar i mindre gruppe, eller i klasse. Einskilde elevar vil ha behov for oppfølging av assistent. Assistentane skal hjelpe til med praktisk støtte fagleg og sosialt. Det blir gitt undervisning i norsk for framandspråk, og skulane kan tilby elevar morsmålsundervisning etter skuletid. Førde barneskule og Førde ungdomsskule er mottaksskular for barn og unge som ikkje har tilstrekkeleg med norsk kunnskap, til å følgje ordinær undervisning. På grunn av lange avstandar i kommunen, vil elevar med lang reisetid få tilsvarende undervisning på nærskulen.

I 100% stilling skal lærarane på barnesteget undervise 19,5 t/veke (60 min) og i snitt 17,5 t/veke (60 min) på ungdomssteget. I sentrale avtalar ligg det inne krav om bruk av ressursar til ulike tiltak, som t.d. nedsett lesetid etter alder.

PPT har fram til 1.1.20 vore sakkunnig instans for grunnskule og vidaregåande skule. Fylkeskommunen har kjøpt tenester, men grunna omorganiseringa i fylkeskommunen blir avtalen avslutta frå nyttår. PPT er organisert med leiar, 100% merkantil stilling og 9,6 fagstillingar. PPT skal teste, utgreie og utarbeide sakkunnig uttale som grunnlag for einskild vedtak om spesialpedagogikk. PPT skal arbeide systemisk og rettleie skulane når det gjeld organisering og einskild elevar. Kompetanseteamet for barnehage er lagt til PPT.


Eininga Flyktning og integrering har to fagfelt i si organisering. Programrådgjevarane arbeider hovudsakleg med integrering og oppfølging. Det andre fagfeltet er undervisning i norsk, samfunnsfag og grunnskulefag. Målgruppa er flyktingar og arbeidsinnvandrarar over

18 år. Tenesta er leie av einingsleiar (rektor). I tillegg er det ein nestleiar i 100% stilling. Eininga har merkantil stilling i 60% og helsesjukepleiar i 20%. Dei tilsette som underviser, følgjer same avtale som lærarar i grunnskulen. Ressursgrunnlaget for tenesta er tilskot frå IMDI. Eininga Flyktning og integrering samarbeider tett med NAV, eininga Bygg og eigedom, og einingar i helsesektoren. Utfordringa for tenesta er å dimensjonere arbeidet etter grad av busetnad i kommunen og variasjonar i ressursgrunnlaget. Eininga held til i Bergebygget på Sanderplassen.

Omtale sektoren sitt framlegg til budsjett for einingane

Skule	Budsjett 2019	Ramme	Budsjett 2020	Prosent endring
Bygstad skule	13 604 267	11 282 301	12 860 960	-5,5
Flatene skule	20 046 414	21 534 796	21 090 952	5,2
Flyktning og integrering	12 750 602	15 938 778	15 294 752	20,0
Frøysland skule	3 119 233	2 729 545	3 492 823	12,0
Førde barneskule	21 075 857	22 968 887	21 822 923	3,5
Førde ungdomsskule	27 832 670	27 482 379	28 005 231	0,6
Halbrend skule	38 954 706	42 091 172	41 598 644	6,8
Holsen skule	9 079 500	8 142 125	8 850 321	-2,5
Karstad skule	5 498 730	5 400 818	5 078 524	-7,6
Naustdal skule	36 610 696	36 632 327	40 076 916	9,5
PPT	7 369 472	11 682 441	12 285 272	66,7
Sande skule	27 773 791	28 624 650	28 641 392	3,1
Skei skule	16 024 000	15 777 273	17 969 182	12,1
Slåtten skule	29 436 815	34 359 080	30 702 339	4,3
Sunde skule	14 167 051	16 001 734	15 661 630	10,5
Vassenden skule	26 231 000	25 606 375	28 132 929	7,3
Vevring skule	4 281 926	4 650 239	3 784 971	-11,6
Viksdalen skule	9 960 543	7 601 435	8 763 046	-12,0

Einingar som har reduksjon i budsjett frå 2019 til 2020, skuldast i hovudsak uttrekk av skyssutgifter og utgifter til reinhald. Karstad skule har redusert elevtal og har ikkje mellomtrinn. Vevring skule har nedgang i elevtalet og Viksdalen skule har ikkje utgifter til barnehage i 2020. Naustdal skule sin auke kjem av auka lønskostnader, og tilsetjing av lærarar med kompetanse i stillingar som har vore fylt med ufaglærte. Halbrend skule aukar budsjettet grunna auka klassetal. PPT og eininga Flyktning og integrering har ein høg prosentvis auke, fordi tidlegare inntekter er lagt til ramma.



Framlegg til budsjett vidarefører lønsutgiftene i dei faste stillingsheimlane med ein lønsvekst på 3%. Driftsutgiftene er dei same som i 2019 med eit tillegg på 2% for prisveksten.

Dritsnivået for 2019 er vidareført i 2020. Samla er det ein auke i budsjett frå 2019 på 5,1 prosent.

Sjølvkostprinsippet kan leggest til grunn for finansiering av SFO. I budsjettet er utgiftene samla 3 mill. høgare enn inntektene. Det er i budsjettet lagt inn ein auke i inntektene på 5%, som er 3%-poeng meir enn justering for prisstigning på 2%.

I tillegg til ordinær SFO er det sett av ein sum til SFO spesial. Midlane skal styrke arbeidet inn mot born som har behov for oppfølging i SFO. Elevar med særskilte behov har i tillegg rett til SFO på 5.-7. trinn.

I statsbudsjettet ligg det inne midlar som skal kompensere for inntektstap. I 2020 blir det innført gratis SFO-plass for elevar med særskilte behov på 5. – 7. trinn. Det blir sett eit tak på foreldrebetaling som ikkje skal overstige 6% av inntekta, for foreldre som har barn på 1. og 2. trinn.

Frå 2020 kjem midlane til tidleg innsats i ramma og ikkje som inntekt til skulane. Midlane til tidleg innsats på 3.9 mill. kr er lagt til på ramma for teneste undervisning.

Som ei oppfølging av ressursmodellen i Sunnfjord kommune, er ressursen til SFO-leiar auka i budsjettet. Ressursmodellen følgjer avtalen om bemanning i SFO, SFS 2201 . I 2019 har dei fire kommunane lagt inn midlar. Desse er vidareført i ramma for Sunnfjord kommune

Det er justert for leiingsressurs, i tråd med ny ressursmodell for utrekning av leiing i Sunnfjord kommune. Endring i leiingsressursen er i hovudsak ei omfordeling mellom skulane. Skular som har fått auka sin ressurs, har fått midlar lagt inn i 2019. Midlane er vidareført i ramma for 2020.


Investeringar

Førde barneskule vil frå skuleåret 20-21 motta to nye multifunksjonshemma elevar med store behov. I tillegg har skulen fire elevar med tilsvarande behov. For å få plass til elevane må det gjerast bygningsmessige endringa. Deler av skulen har eldre bygningsmasse som ikkje er rehabilitert og Førde barneskule melder behov for rehabilitering.

Halbrend skule har behov for fleire spesialrom, spesielt skulekjøkken og tekstil. Elevtalet på ungdomstrinnet har dei siste åra auka. Kapasiteten på spesialromma er ikkje dimensjonert for fire parallellar på ungdomstrinnet.

Vevring skule har fått påvist lite oksygen i vatnet, noko som medfører dårleg lukt og smak. Ei utbetring av tilhøva vil koste ca. 120 000 kr.

Ved Sande skule er det behov for omfattande rehabilitering og nybygg. Sweco as og Arki har berekna kostnadane til 150 mill. kroner.



Skei skule har meldt behov for utbetring av ventilasjonsanlegg i garderober og i klasserom på ungdomstrinnet. Det er og meldt behov for renovering av klasserom på ungdomstrinnet

Ikkje løyste utfordringar i sektoren

Mange rektorar rapporterer ein auke i tal elevar som treng ressurskrevjande oppfølging. Spesielt elevar som har behov for tett oppfølging grunna åtferd og samansette vanskar. Desse elevane må som regel ha ein-til- ein- oppfølging, noko som utfordrar skulane sine ressursar. PPT blir pressa på kapasitet, og har ei venteliste for utgreiing av elevar på 6 månader.

Budsjettet for 2020 vil ikkje auke ressursane til spesialpedagogiske tiltak. Utfordringa med å ta ned ventelista i PPT, blir heller ikkje løyst.

Rekneskapen viser at midlane til drift ikkje dekker utgiftene til forbruk som t.d. kopi og skulemateriell. Det er ikkje rom for å kjøpe inn nye lærebøker, læremiddel og utstyr. Behovet er stort for å oppgradere skulane sin datakapasitet. Skulane sitt budsjett er ikkje dimensjonert for å løyse utfordringa.

I 2020 skal skulane ta i bruk den reviderte læreplanen, og undervise etter prinsippa i overordna del. I samband med fagfornyinga vil det vere behov for å fornye læremiddel. I stasbudsjettet er det lagt inn 170 millionar kroner, som skal kompensere kommunane for auka utgifter. Forlaga blir i større grad stimulert til å utvikle digitale ressursar enn til å utvikle lærebøker. Dei statlege løyvingane vil ikkje dekke skulane sitt behov for innkjøp og fornying. Utfordringa blir å auke tilgangen elevar og lærarar har på maskinvare. For at elevane skal få tilgang til digitale ressursar, er det naudsynt at kvar elev har tilgang på ei datamaskin. Det er ikkje rom for å løyse utfordringa med datakapasitet innanfor driftsbudsjettet.

Frå skuleåret 2019/20 er det vedteke ei endring i opplæringslova som gir elevane rett til leirskuleopphald på minimum tre overnattingar. Tilbodet skal vere gratis. Det er ikkje lagt inn midlar til formålet i framlegg til budsjett.

Avtalefesta rett til nedsett lesetid i samband med livsfasetiltak, ny-utdanna og alder, belastar skulane ulikt. Det er ikkje rom for å kompensere skulane sin auka ressursbruk inn mot livsfasetiltak.

PPT har venteliste på inntil 6 månader for å utgreie elevar etter opplæringslova kap. 5. Tal saker og kompleksiteten i sakene er aukande. For å ta ned ventelista er det behov for å auke kapasiteten i PPT. Det er ikkje funne rom for ein slik auke i dette budsjettforslaget.

Utfordringa til eininga Flyktning og integrering er å dekke inn kostnadane for lovpålagte oppgåver, som å tilby norskopplæring og grunnskuleopplæring for elevar som ikkje kjem inn under introduksjonsordninga. Utfordringa med å auke kapasiteten blir ikkje løyst med midlar i 2020.


Budsjettet vidarefører drifta på same nivå som i 2019. Det er ikkje rom for å løyse nye

utfordringar, eller utfordringar einingane har rapportert over tid. Generelt er det eit stramt budsjett for sektoren.

Barnehage

Budsjettråme for sektoren: 138 mill. kroner
Kristine Steindal Tal årsverk i sektoren:

Tal einingar i sektoren: 18 (+8) Kommunalsjef:
199,9
(+14,35)



Organisering av sektoren

BARNEHAGE	BARNETAL	ÅRSVERK	EININGSLEIAR
Halbrend	54	14	Kari Naustdal
Hatlehaugen	39	10	Anita Bolstad Indrebø
Holsen	25		Synneve Bruheim Reiakvam
Karstad	4		Greta Mulen Hetland (konst.)
Nærleiken	81	22	Marie Doreen Thune (konst.)
Slåttebakkane	27	12	Gudbjørg Gunnarsdottir Kleppe
Solsida	80	23 + 3,65	Elin Siv Hagen
Sunde	58	13,5 + 1,2	Margrete Huus
Tusenfyrd	53	13,5 + 1,8	Elin Røyseth
Vie	77	20 + 4,2	Ann Renate Helgås
Vieåsen	53	13,5 + 1,8	Sissel Elin Årdal
Ytre Hafstad	55	13,5 + 1,7	Jorunn Liv Kleiven
Bygstad	50	13,8	Anne Jorunn Fauske

Viksdalen	12	4	Bodil Margrete Espeseth Flaten
Langhaugane	58	15,1	Hege Herland Kjeilen
Skei	62	15,5	Mona Skaiå Årdalsbakke
Lunden	67	18,5	Kirsten Kongsvik
Vevring	6		Helga Langeland Sæbø

Sunnfjordbarnehagen tel 18 kommunale og 8 private barnehagar. Totalt 26 barnehagar med svært ulik storleik, frå den største kommunale barnehagen med 81 barn til den minste barnehagen som tel 4 barn.

Kvar barnehage har tilsett einingsleiar (styrar) i 100 % stilling, unnateke Holsen, Karstad og Vevring. I desse tre einingane er det rektor på skulen som er einingsleiar (styrar) for barnehagen. I tillegg har barnehagar med 4 avdelingar eller meir tilsett assisterande styrar i 50 % stilling eller meir, alt etter tal avdelingar/årsverk.

Barnehagane vert drivne etter Lov om barnehagar og føl forskrift om rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver.

Barnehagane føl norm for pedagogisk bemanning. Barnehagen skal ha minst 1 pedagogisk leiar pr. 7 barn under 3 år, og minst 1 pedagogisk leiar pr. 14 barn over 3 år. 1 barn ekstra utover 7 barn/14 barn utløyser krav om ny fulltidsstilling som pedagogisk leiar. Styrar si tid til administrasjon vert ikkje rekna inn i norma for pedagogisk bemanning.


Barnehagane føl norm for bemanning. Det vil sei minimum 1 vaksen pr. 3 barn under 3 år, og minimum 1 vaksen pr. 6 barn over 3 år.

I tillegg til ordinær barnehagedrift skal barnehagane gje spesialpedagogisk hjelp og støtte til barn som har krav på dette. Barnehagane prioriterer tidleg innsats som eit førebyggjande tiltak knytt til barn som treng hjelp og støtte i utvikling og læring. Spesialpedagogisk hjelp vert gitt individuelt eller i gruppe, i tillegg til at den inkluderer foreldrerettlegg. **Omtale sektoren sitt framlegg til budsjett for einingane**

Framlegg til budsjett er ei vidareføring av drifta i 2019. Dette er svært stramt for nokre av barnehagane. Med utgangspunkt i at vi går frå å vere 4 kommunar til å bli 1 kommune vil det vere variasjonar i kva ein har til rådvelde i budsjett for 2020. Dette som eit resultat av at kommunane har ulik historikk og ulikt utgangspunkt for vidareføring av drifta i 2019.

Framlegg til budsjett vidarefører lønsutgiftene dei faste stillingsheimlane har, og det er ikkje lagt inn lønsauke i høve harmonisering av løn for Sunnfjord kommune.

Det er to moderasjonsordningar for familiar eller hushaldningar med låg inntekt. Dersom maksprisen for barnehageplass er høgare enn 6 % av den samla inntekta til familien/hushaldninga har ein rett på redusert pris. I tillegg er det gratis kjernetid for 2,



3, 4 og 5 - åringar der familien/hushaldninga har ei samla inntekt som er lågare enn 548 500,- kr./år. Det er og moderasjonsordningar for søsken. Desse ordningane gir monaleg reduserte inntekter til den einskilde barnehage. For barnehagane i Sunnfjord vil dette utgjere ein stad mellom 1,7 og 1,9 million i reduserte inntekter årleg.


Ressursmodell for leiingsressurs i barnehage fører til auka leiingsressurs for nokre av barnehagane. Dette medfører auka utgifter til løn.

Ikkje løyste utfordringar i sektoren

Ei samla utfordring for barnehagesektoren er ei monaleg auke i barn med særskilde behov som treng tett oppfølging den tida dei er i barnehagen. Dette er vanskar i svært variert grad og mykje av vanskanane er samansette. Dette fører til krevjande kvardagar for tilsette i barnehagen for å kunne følgje tett opp dei barna som har sakkunnig uttale, men og for å kunne følgje opp barnegruppene som heilskap. Dette i kombinasjon med fleire små barn i barnehagane fører til auka arbeidsbelastning for dei tilsette.

Auken i barn som treng spesialpedagogisk hjelp og oppfølging gir eit stadig auka press på tilgjengelege ressursar. Gapet mellom tilgjengelege ressursar og behov vert stadig større. Dette får uheldige konsekvensar for dei som har krav på spesialpedagogisk hjelp, men og for den ordinære barnehagedrifta. Tilsette kjem i konflikt i høve kva dei skal prioritere, og kvardagen er prega av høgt arbeidspress og mange oppgåver som skulle vore løyst samstundes. Dette i seg sjølv er ein stressfaktor som kan slå negativt ut for barna, men og for den tilsette over tid.

I Førde kommune er midlar som tidlegare vart nytta til spesialpedagogisk hjelp etter einskildvedtak gjort om til Kompetanseteamet. Dette er eit lågterskeltilbod som kjem rundt i barnehagane og gir naudsynt rettleiing og hjelp direkte til barnehagane. Dette er svært vellukka og gunstig fordi ein kjem tidleg inn og får sett i verk tiltak på eit tidleg stadium. I tillegg er det med på å auke kompetansen til dei tilsette, slik at dei lettare kan setje i verk tiltak på eit tidleg stadium dersom ein har uro for einskildbarn si utvikling. Å kunne førebyggje gjennom tidleg innsats er ikkje berre eit føremon for dei barna det gjeld, men det er og ein fordel økonomisk. For dei 3 kommunane utanom Førde er ikkje bruk av Kompetanseteamet innført, og vil gje ulikt tilbod for borna i Sunnfjord. Skal ein kunne gje eit likeverdige tilbod til alle barn, uavhengig av noverande kommune er det heilt naudsynt med auka ressursar. Slik




Kompetanseteamet jobbar i dag med utgangspunkt i tal saker dei har, er dei allereie pressa på knappe ressursar. Å skulle auke arbeidsmengda til dei tilsette i Kompetanseteamet gjennom fleire saker, vil få negative konsekvensar for dei barna som treng hjelp og støtte. I tillegg vil dette over tid medføre ei uheldig arbeidsbyrd på dei tilsette.

Fleire barnehagar melder frå om store behov for vedlikehald av barnehage og av uteområde. I tillegg vert det meldt eit stort behov for oppgradering av IKT- utstyr, samt fornying av leikeutstyr og anna naudsynt materiell. Dette er det ikkje rom for med eksisterande budsjett.

Nokre barnehagar har meldt inn avvik gjennom månadlege budsjettkontrollar. Dette er avvik som ikkje vert lukka før dei er retta. Ein barnehage melder mellom anna om avvik fordi dei ikkje har oppbevaringsstad til barnevogner. Barnevognene vert nytta til dei barna som skal sove i barnehagen, og er det er naudsynt å ha desse tilgjengeleg kvar dag. Slik det er i dag vert vognene oppbevart på teknisk rom. Det har og kome avvik fordi barnehagen ikkje har eige bossrom. Barnehagane har ikkje budsjett til å kunne rette avika slik det ligg føre no. Det betyr at ein framleis har avvik som ikkje er lukka. Andre avvik som er meldt inn er at ein gjennom året har fått fleire ressurskrevjande barn med sakkunnig uttale. Dette har gitt uventa, og høgare utgifter til løn.

Fødselstala har gått ned siste åra, og behovet for barnehageplassar har vorte noko redusert i delar av kommunen. Redusert behov for barnehageplassar slår svært ulikt ut hjå barnehagane i Sunnfjord. Nokre barnehagar har høgt søkjartal og ingen ledige plassar. Andre barnehagar merkar nedgangen i fødselstal ved at plassar står unytta. Barnehagar som ligg sentralt i Sunnfjord kommune fyller opp barnehageplassane. Barnehagar som ligg utanfor det som vert rekna som sentrumsnært i dei ulike delane av Sunnfjord kommune har ikkje like høg søkjarmasse. Konsekvensen er ledige plassar. Noko som igjen får ein uheldig økonomisk konsekvens.

Ledige barnehageplassar har og ført til at ein siste åra har gjort store plassar om til småbarnsplassar. Dette igjen er meir krevjande for dei tilsette gjennomgåande i kvardagen. Barna har i tillegg lange dagar i barnehagen, innanfor tidsramma kl. 07:00 – 16:30, medan dei tilsette si arbeidstid er 7,5 time. Det medfører at ein som tilsett er mykje åleine på avdeling med relativt store barnegrupper. Dette gir auka risiko både for barna og dei tilsette. Med ein tilsett på mange barn er det avgrensa kva ein kan gjere, ein må utelukkande ha fokus på tilsyn av barn. For dei tilsette er dette ei auka belastning og kan på sikt føre til auka sjukefråvær. Noko vi ser i barnehagesektoren.



Det er gjennomgåande høgt frávær i barnehagane. Lite midlar til vikar fører til at ein ikkje har moglegheit til å setje inn vikar ved frávær. Dette er ei stor meirbelastning for barnehagane som heilskap og fører med seg uheldige konsekvensar som auka sjukefrávær.

Variasjonen i storleik på barnehagane er svært stor, og her er 3 einingar som særleg peikar seg ut som svært små. Desse einingane tel høvesvis 4, 6 og 12 barn. Dette er einingar som utgjer ein høg kostnad for barnehagesektoren samla. Lønsvivået er like høgt i små einingar som i store, men tal barn er svært ulikt. Ergo høge kostnader og låge inntekter.

Ein barnehage (Tusenfryd/Førde) er ikkje godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern. 2 andre barnehagar (Hatlehaugen/Førde og Vieåsen/Førde) er svært nedslitne og treng opprusting. Dette er det ikkje midlar til.


Standarden på mykje av utstyret i barnehagane, ute og inne, er svært dårleg og det er ikkje rom for fornying innanfor tronge driftsrammer. IKT- utstyret er gammalt og utdatert i fleire av barnehagane. Å jobbe med digitalt utstyr som ikkje stettar standardkrav opplevast lite effektivt og frustrerande. Å følgje opp krav til pedagogisk dokumentasjon er utfordrande når det teknologiske utstyret er oppdatert.

Budsjettet for Sunnfjordbarnehagane vidarefører drifta på same nivå som i 2019. Det medfører at det ikkje er rom for å løyse nye utfordringar. Det er heller ikkje rom for å løyse dei utfordringane einingane har rapportert over tid. Generelt er det eit stramt budsjett for barnehagesektoren.

Omsorg

Budsjettråme for sektoren: 393,8 mill. kroner
Kirstin Bruland Tal årsverk i sektoren: 503

Tal einingar i sektoren: 22 Kommunalsjef:



Organisering av sektoren


Omsorgssektoren femnar om pleie- og omsorgstenestene i Sunnfjord kommune. Einingane i sektoren er:

- Bu- og avlastingstenesta
- Butiltak psykisk helse
- Bu- og miljøtenester, 6 einingar
- Heimetenester, 6 einingar
- Omsorgssenter, 6 einingar
- Kjøkkentenesta
- Tildelingseininga

Bu- og avlastingstenesta si hovudmålgruppe er barn og unge med funksjonsnedsettingar. Det er behov for tenester av ulikt omfang, frå avlasting nokre timar til dag -, natt - og døgnavlasting. Variasjonen er stor. Eininga har tett samarbeid med andre interne og eksterne tenesteytarar. Her kan nemnast spesielt bu- og miljøtenestene og skulane. Avlasting kan og bli gitt til funksjonsfriske brukarar der familien har særleg tyngande omsorgsoppgåver.

Avlasting er eit tilbod om avlasting for familien og det ligg ingen føringar for kva tilbod brukarane skal ha når dei er på avlasting. Kva tilbod som vert gitt, vert vurdert i lys av tilgjengelege ressursar og brukar sitt behov. Samstundes prøver vi å gje eit kvalitativt godt tilbod slik at brukarane trivast på avlastinga og at familien skal synast det er greitt å sende borna på avlasting.

Bu- og avlastingstenesta er eit tilbod som primært gjeld fram til brukarane er ca. 20 år, men det må gjerast individuelle vurderingar og det viktigaste er å sikre saumlause overgangar mellom tenestene. Døgntilbodet er lokalisert i Førde og det er bestemt å bygge nye lokale



som skal stå ferdig hausten 2020. Planen er då å samle døgntilbodet i Førde for alle med behov og at dagavlasting skal vere eit lokalt tilbod.

Einingsleiar Harald Bjarte Reite.

Butiltak psykisk helse yter tenester til brukarar innan fagområdet psykisk helsevern og har i dag butiltak på Prestebøen i Førde og på Vassenden. Til saman om lag 25 brukarar. Det kan vere omfattande og ressurskrevjande tiltak. Mange av brukarane har fast personale knytt til seg. Det er store krav til personalet sin kompetanse og evne til omstilling. Brukarane har store behov for behandling og oppfølging, samt rettleiing. Tilsette i eininga samarbeider tett med interne og eksterne tenesteytarar i tenestetilbodet til brukarane.

Einingsleiar Tore Eide.

Bu- og miljøtenestene:


- Skei bu- og miljøteneste. Einingsleiar Mariann Heggheim - Sande bu- og miljøteneste. Einingsleiar Håvard Berglund
- Naustdal bu- og miljøteneste. Einingsleiar Anita Sunnarvik
- Førde bu- og miljøteneste, eining 1. Einingsleiar Gro Janne Olsen Lærum
- Førde bu- og miljøteneste, eining 2. Einingsleiar Erik Øksenberg Wold
- Førde bu- og miljøteneste, eining 3. Einingsleiar Siri-Merethe Solheim

Einingane er ulike i tal brukarar og årsverk, frå 8 – 22 brukarar. Tenestemottakarane bur i omsorgsbustad i bufellesskap med ein personalbase, eller i egne husvære med ambulante tenester. Målet med tenesta er å bidra til å gje tenestemottakar med samansette hjelpebehov gode levekår og livskvalitet. Tenesta skal kompensere for nedsett evne til eigenomsorg og skal bidra til at brukar vert mest mogleg sjølvhjelpen i dagleglivet. Brukarane i bu- og miljøtenestene har behov for praktisk bistand til å dekke både grunnleggjande behov, skule, arbeid og fritidsaktivitetar. Det stiller krav til at personalet har god kompetanse, er allsidige og fleksible. Det er tett samarbeid med pårørande, andre fagområde og frivillig sektor.

Heimetenestene:

- Sande heimeteneste. Einingsleiar Therese Brakestad
- Naustdal heimeteneste. Einingsleiar Mona Kidøy Svalheim
- Skei heimeteneste. Einingsleiar Heidi Husetuft Flatjord
- Vassenden heimeteneste. Einingsleiar Irene Svarstad
- Førde heimeteneste, eining 1. Einingsleiar Karin Bruflot
- Førde heimeteneste, eining 2. Einingsleiar Camilla Elvebakk Stein

Heimeteneste er heimesjukepleie, heimehjelp og brukarstyrt personleg assistanse (BPA). Mål med heimesjukepleie er å gje tenestetilbod til akutt eller kronisk sjuke som treng naudsynt helsehjelp i heimen. Ordninga er behovsprøvd og kan tildelast personar med



særskilte behov utan omsyn til alder og økonomi. Heimehjelp er hjelp til praktiske gjeremål i tenestemottakar sin heim. Tenestetilbodet vert tildelt ut i frå kartlegging av tenestemottakar sitt behov. Heimeteneste skal bidra til at tenestemottakar skal klare seg i eigen bustad med nødvendig hjelp og at behov for plass på institusjon vert unngått eller utsett.

Det er forventningar til at heimetenestene skal løyse meir «spesialiserte» oppgåver enn tidlegare. Det er tett samarbeid med andre fagområde, både internt i kommunen og eksternt, då særleg spesialisthelsetenesta. Tenestemottakarane er i alle aldrar. Heimetenesta er ei teneste i vekst.

Omsorgssenter:


- Førde omsorgssenter, korttid. 18 plassar. Einingsleiar Gunn Beathe Kapstad Bruland
- Førde omsorgssenter, langtid. 28 plassar. Einingsleiar Una Holmelid
- Førde omsorgssenter, skjerma. 28 plassar. Einingsleiar Iren Myklebust (konstituert)
- Sande omsorgssenter. 40 plassar. Einingsleiar Anita Eide Kvamme
- Naustdal omsorgssenter. 20 plassar. Einingsleiar Renate Kvalstad
- Skei omsorgssenter. 33 plassar. Einingsleiar Wenche Farsund

Målet er at innbyggerane skal ha eit variert institusjonstenestetilbod med god kvalitet og tilpassa ulike behov. Kwart omsorgssenter har plassar til langtids-, korttids- og skjerma opphald. Langtidsopphald er i praksis eit varig tilbod. Korttidsopphald er tidsavgrensa opphald i institusjon der føremålet er å førebyggje, behandle og leggje til rette for meistring av sjukdom slik at vedkomande kan kome tilbake til eigen heim. Rehabilitering i institusjon vert nytta i ein avgrensa periode med føremål å setje tenestemottakar i stand til å gjenvinne funksjonsnivå og evne til eigenomsorg. I tillegg er det tilbod om avlastingsopphald og det er lindrande rom.

Einingane er litt ulikt organisert i dag og pleiefaktoren varierer. Utviklinga dei seinare åra med tidlegare utskrivning frå sjukehus, eit meir komplekst sjukdomsbilete og at tenestemottakarane skal få bu heime lengst mogleg, fører til at pleietyngda på institusjonane aukar. Det er dei sjukaste og mest hjelpetrengande som vert tildelt langtidsopphald.

Kjøkkentenesta Her er 4 institusjonskjøkken samla i ei eining. Målet er å tilby næringsrik kost og det er tilbod om individuelt tilpassa diettar ved behov. Kjøkkentenesta produserer alle måltid ved omsorgssentra og det er mogleg for bebuarar i omsorgsbustadar og heimebuande å få kjøpe måltid. Utkøyring av middag til heimebuande vert løyst på ulike måtar. I Førde er det heimetenesta som leverer middagane, på Sande vert dei køyrt ut med taxi, medan i Naustdal og på Skei er det frivillige som køyrer ut middagar. Kjøkkentenesta har kantinedrift ved Førde omsorgssenter og der er også matvertar som er ute på avdelingskjøkkena.

Einingsleiar Hege Inderberg.



Tildelingseininga tildeler alle omsorgstenester etter søknad og er lokalisert på rådhuset i Førde. Eininga er styrka med 3 årsverk for å handsame søknader, gjennomføre kartlegging av søkjarar, fatte vedtak og sende svar. Det er tilsvarende det som vart nytta i dei «gamle» kommunane. Det er tett samarbeid med aktuell eining gjennom søknads-, kartleggings- og tildelingsprosessen. At det er ei felles tildelingseining i heile kommunen gir søkjarane ei lik handsaming og vurdering, samt lik praksis ved tildeling av tenester. Det er utarbeidd og vedteke tenestestandarar som er grunnlag for tildeling av tenester.

Einingsleiar Gry Aase Alnes.

Omtale sektoren sitt framlegg til budsjett for einingane

Framlegg til budsjett 2020 for omsorgssektoren er ei vidareføring av driftsnivå 2019. For einingar som er delte opp eller der fleire lokalisasjonar er samla i ei eining, er det utfordrande å lage budsjett. Dette gjeld spesielt Førde heimeteneste, Førde bu- og miljøteneste, Bu- og avlastingstenesta, Butiltak psykisk helse og Kjøkkentenesta. Det er først i 2020 vi vil sjå om budsjettet er på rett nivå.

Brukarane skal få bu heime så lenge som mogleg. Velferdsteknologi skal vere implementert i tenestene innan 2020. Regjeringa la fram St.meld. nr. 15 (2017-2018) «Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre» for å sikre ein ny og berekraftig politikk slik at alle innbyggjarane skal få ein god og trygg alderdom. Det handlar både om betre tenester og tilbod, men også om eit samfunn der eldre får brukt sine ressursar. Med «Leve hele livet» skal eldre få høve til å meistre eige liv der dei bur – heile livet. Dette er døme på sentrale føringar som påverkar kommunen si organisering av omsorgstenestene.

Omsorgstenestene er tenester som veks. I fleire einingar er det store variasjonar og svingingar i tal brukarar og hjelpebehov, samt tal årsverk. Tal årsverk heng saman med brukarane sine behov og hjelpebehovet kan endre seg raskt. Det er etablert fleire ressurskrevjande tiltak i sektoren.

Det er press på einingane og dei tilsette. Sjukefråværet er til dels høgt. Sjølv om det er oppretta fleksistillingar som delvis skal dekke vikarbehovet, så er det ein del innleige av vikar og bruk av overtid. Både vikar-, ekstrahjelp og overtidspostane er lågt budsjetterte.

Lærlingar er viktige for å få utdanna fagpersonar til omsorgsyirket og for rekruttering til fagstillingar. 18 stillingar for lærlingar er vidareført i budsjett 2020.

Ikkje løyste utfordringar i sektoren

Ressurskrevjande tenester

Sektoren har fleire ressurskrevjande tiltak. Tiltaka gjeld konkrete brukarar med særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester. Som omtala tidlegare i dokumentet, så kan kommunen søke om delvis refusjon for direkte lønsutgifter. I 2019 er det estimert eit samla tilskot for dei fire kommunane Naustdal, Gaular, Førde og Jølster på om lag kr 50 mill. Det

skjer kontinuerlege endringar i etablerte ressurskrevjande tiltak og det vil komme nye til på relativt kort varsel. Kommunen er pliktig etter Helse- og omsorgstenestelova § 3.2, å yte nødvendig helsehjelp.

Det er oppretta 3 nye ressurskrevjande tiltak i 2019 som vert vidareført i Sunnfjord kommune. Tiltaka er store og sjølv om kommunen vil få delvis refusjon, så er dei svært kostnadskrevjande. Dei 3 tiltaka er:

- Førde bu- og miljøteneste, eining 1. Kjøp av tenester frå privat aktør. Oppstart av Førde kommune frå juni 2019. Brutto kostnad om lag kr 5,3 mill.
- Butiltak psykisk helse. Kjøp av tenester frå privat aktør. Oppstart av Jølster kommune frå september 2019. Brutto kostnad om lag kr 7,9 mill.
- Butiltak psykisk helse. Kjøp av tenester frå privat aktør. Oppstart av Gaular kommune frå oktober 2019. Brutto kostnad om lag kr 8,6 mill.

Gjennom året 2019 har det skjedd endringar i ressursbehov i etablerte ressurskrevjande tiltak, samt at det er kome til ein ny brukar med spesielle behov. I Førde bu- og miljøteneste, eining 1, og Bu- og avlastingstenesta vart det oppretta til saman 3,85 nye årsverk i 2019.

- Førde bu- og miljøteneste, eining 1/Bu- og avlastingstenesta. 3,05 årsverk. Brutto lønskostnad om lag kr 1,8 mill. Kommunen vil få refundert 80% av lønskostnadane - Bu- og avlastingstenesta. 0,80 årsverk. Brutto lønskostnad om lag kr 0,5 mill. Kommunen vil ikkje få refusjon for dette tiltaket

Samla oversikt over nye tiltak i 2020 (oppsummering av dei to føregåande avsnitta)

Stad	Øymerka tilskot 2020 ressurskrevjande tiltak. Estimat	Nye tiltak brutto kostnad før fråtrekk av administrasjonskostnadar	Nye tiltak refusjonsgrunnlag	Øymerka tilskot	Nye tiltak netto kostnad
Førde	22 668 800,00	5 280 000,00	4 495 000,00	2 507 000,00	2 773 000,00
Førde, auka omfang av ressurskrevjande tiltak		2 330 461,00	1 828 376,00	1 463 000,00	867 461,00
Gaular	9 311 009,70	8 566 550,00	7 709 895,00	5 079 006,00	3 487 544,00

Jølster	9 620 000,00	9 522 000,00	9 031 810,00	5 047 000,00	4 475 000,00
Naustdal	8 449 280,00				
Sum Sunnfjord	50 049 089,70	25 699 011,00	23 065 081,00	14 096 006,00	11 603 005,00

Samla netto kostnad for nye tiltak ressurskrevjande tenester er kr 11,6 mill. Ingen av tiltaka har vore inne i kommunane sine økonomiplanar og det føreligg ikkje planar for korleis tiltaka skal finansierast i 2020. Tiltaka er difor ikkje tatt med i framlegg til budsjett 2020.

Andre utfordringar

I Gaular kommune vedtok kommunestyret i 2019 å styrke omsorgstenestene med til saman kr 3,1 mill. Det vart oppretta nye stillingar ved Sande heimeteneste og Sande omsorgssenter, samt auke i lønsbudsjettet til Sande bu- og miljøteneste. Kr 2,1 mill. av denne styrkinga vart finansiert med bruk av bundne fond og disposisjonsfond, og har difor ingen finansiering i 2020.

Følgande er difor tatt ut av framlegg til budsjett 2020:

- Sande heimeteneste, 3 nyoppretta årsverk, til saman kr 1,4 mill.
- Sande omsorgssenter, 1 årsverk, kr 600 000
- Sande bu- og miljøteneste, styrking kr 100 000

Konsekvens for dei berørte einingane: ved Sande heimeteneste er det gjennomført tilsetjing i dei nyoppretta stillingane. Dei tilsette tek til i stillingane hausten 2019 og må evt. seiast opp dersom vi ikkje finn finansiering. Ved Sande omsorgssenter er det ei vakant stilling som er tatt ut av budsjettet og ved Sande bu- og miljøteneste er vikarbudsjettet redusert.

Leasingbilar: som følgje av organisatoriske endringar vil nokre einingar få meir køyring og over større avstandar enn tidlegare, og har meldt behov for fleire leasingbilar. Det er behov for å få ei oversikt over leasingbilar i einingane før det vert inngått nye avtalar. Det er ikkje tatt høgde for fleire leasingbilar i framlegg til budsjett.

Finansiering

Samla kostnad på ikkje løyste utfordringar i sektoren er -

- Ressurskrevjande tenester kr 11,6 mill.
- Nye årsverk (Gaular) kr 2,1 mill.

Behova i omsorgssektoren er store og einingane har lagt fram budsjett som vert opplevd som marginale. Det er difor vanskeleg å sjå at vi skal klare å finne finansiering for dei nye tiltaka og årsverka innanfor tildelt ramme.

Det er nokre fokusområde som kan bidra til å redusere kostnader:

- Redusere sjukefråværet
- Gevinstrealisering av velferdsteknologi
- Omfordele ressursar
- Organisering av tenesteyting
- Vurdere standard på tenester
- Vurdere å gjennomføre private tiltak i eigen regi


Dette er tiltak som krev målretta arbeid og eit langsiktig perspektiv.

Kommunedirektøren meiner det uløyste utfordringane på til saman 13,8 mill. kroner må arbeidast vidare med å finansiere innanfor sektoren sitt samla budsjett. Før desse utfordringane ligg sektoren 16 mill. kroner over anslått «budsjetttramme». Dersom utfordringane ikkje lar seg løyse innanfor samla budsjett, må nivået på innsparing aukast tilsvarande frå 25 mill. kroner til 38,8 mill. kroner.

Helse og sosial

Budsjetttråme for sektoren: 219 mill. kroner
Even Andersen Tal årsverk i sektoren: 179

Tal einingar i sektoren: 7 Kommunalsjef: Kurt



Organisering av sektoren

Sektoren består av 7 einingar, NAV, Helsestasjonen, Psykisk helse og rus, Barnevern, Fysio - og ergoterapitenesta, Legetenesta og Aktivitetseininga.

NAV er lokalisert på rådhuset. Ein legg opp til at innbyggerane vil nå tak i NAV gjennom dei lokale servicetorga. Dei tilsette vil arbeide ambulerande og nytte dei lokale servicetorglokalitetane til møter og arbeidsplasser når det er behov for det. NAV Sunnfjord kommune er regionskontoret for regionen Sunnfjord, som gjer til at det er fleire statlege stillingar på kontoret.

Helsestasjonen har hovudbasen sin på rådhuset. Her sit leiinga, psykologtenesta, jordmortenesta og ressursteamet/oppfølgingsteam. Helsestasjonstenesta vil bruke lokala på Skei, Vassenden, Sande, Naustdal og Førde. Tenesta vil gi skulehelseteneste på alle skulane.

Barnevern er lokalisert på rådhuset, og er organisert i ulike faglege team. Barnevernet vil nytte dei lokale servicetorglokalitetane til møter og arbeidsstasjonar når det er behov for det.

Fysio - og ergoterapitenesta har 4 basar, lokalisert på Skei, i Naustdal, Førde og Sande.

Psykisk helse og rus er ei ambulerande teneste som yter tenesta på dag, kveld og helg. På dagtid vil eininga yte teneste frå lokasjonane på Skei, i Naustdal, Førde og Sande, men på kveld og helg vert tenesta ytt i frå Førde. Dagtilboda blir ytt på over 10 forskjellige lokasjonar i heile kommunen.


Legetenesta har 4 legesenter, med ein felles einingsleiar. Legekontora har ulike driftsavtalar, men ein legg opp til ein mest mogleg lik leiingsstruktur.

Aktivitetseininga består av senter for friskliv og frivilligheit, koordinering av støttekontaktar, vaksenopplæring og dagtilbod til vaksne. Tenesta gir dagtilbod til funksjonshemma, utviklingshemma, psykisk helse og rus, eldre heimebuande, eldre på institusjon og dei med demenssjukdom.

Omtale sektoren sitt framlegg til budsjett for einingane

I budsjettframlegget for Helse og sosial 2020 er det stort sett driftsnivået for 2019 som er vidareført. Det er utfordrande å få oversikt over utgiftspostane på dei ulike tenestene i dei 4 kommunane. Ein må bruke 2020 som eit erfaringsår. Einingane har gjort tilpassingar organisatorisk og på leiingsstruktur for å bli ei teneste i Sunnfjord kommune.

Det er teke høgde for auka kostnad til legevaksamarbeidet SYS IKL for 2020 på 2,1 mill. kr. Legevakt og KAD tek mykje av kostnadsauken. Noko av grunnen til auken er lønsauke til sjukepleiarar, utgjer vel 500 000 kr, auke pensjon i frå 14,7% til 15,7%, og det er auke på ein del utgiftspostar jamfør bruk i 2019. I tillegg kjem Sunnfjord kommune sin del av innbetaling for tidlegare overforbruk, utgjer ca. 900 000 kr.



Frå 2020 er det lovpålagt med kommunepsykolog. Budsjett 2020 har teke høgde for ei ny stilling til psykolog. I rammeoverføringa i frå staten får Sunnfjord kommune 859 000 kr. Dette på grunn av at ein har søkt tilskot til 2 psykologstillinger i 2019. Den eine stillinga har ein ikkje iverksatt endå, og tilskotet for 2019 på 410 000 er avsett på fond til 2020. Den andre stillinga er allereie implementert i Budsjett for Førde kommune i 2019.

Det er gjennom auka rammeoverføring i frå staten tilført Sunnfjord kommune ca. 362 000 kr til satsing på rehabilitering/habilitering. Dette beløpet er brukt i budsjett 2020 til oppjustering av det siste deltidsdriftstilskotet til fysioterapeut Førde frå 50 til 100%, og til 30% turnusfysioterapeut (sjå omtale i budsjettskrivet til eininga).


Ikkje løyste utfordringar i sektoren

- Budsjett for **økonomisk sosialhjelp** er om lag 3,2 millionar kroner mindre enn utrekna forbruk i 2019.
- Budsjetttramma til **barnevernet på kjøp av tenester** er ca. 1,8 millionar kr under utrekna forbruk i 2019.
- Frå 1.januar 2020 er det lovpålagt at alle kommunar skal ha eit **dagtilbod til personar med demenssjukdom**. I 2019 er det berre Førde og Jølster som har hatt eit slikt tilbod. Jølster har ikkje vidareført midlar til drift av ei stilling til dagtilbod for eldre. Det betyr at det er berre Førde som har ressursar til dagtilbod for dei med demenssjukdom. Det er oppretta ei arbeidsgruppe som ser på korleis vi skal gi eit dagtilbod for dei med demenssjukdom i heile Sunnfjord kommune
- Fleire einingar innan Helse og sosial vil ha fleire lokasjonar, dette vil innebere ein del reising for leing og personell mellom dei ulike lokasjonane. Budsjett 2020 har ikkje teke høgde for dette i form av midlar til **leasingbilar**.
- Det vil verte ei utfordring i 2020 å gi **likeverdige tenester** innan alle fagområder, dette fordi tenestene har vorte løyst veldig ulikt i dei 4 kommunane. Den største skilnaden ligg nok innan dagtilbod og frisklivstilbod

Kultur og idrett

Budsjettråme for sektoren: 31,3 mill. kroner
Bjørkum Tal årsverk i sektoren: 41,37

Tal einingar i sektoren: 4 Kommunalsjef: Hilde



Organisering av sektoren

Sektoren er organisert i fire einingar: Kultur og ungdom, Idrett og friluftsliv, Kulturskule og Bibliotek.

Førdehuset med idrettshall/symjehall, fleire konsertsalar, bibliotek og kino er i stor grad leverandør av tilbod og tenester for innbyggjarane i heile Sunnfjord, og tilreisande i vidare omland.

Førde kulturskule har tidlegare levert tenester til både Naustdal og Gaular gjennom leigeavtar med desse, medan Jølster har hatt eigen kulturskule. Kulturskulen har frå skulestart 2019 vore etablert som Kulturskulen i Sunnfjord, og har tilbod til heile komande Sunnfjord kommune.

Omtale sektoren sitt framlegg til budsjett for einingane

Generelt

Kultur- og idrettslivet i Sunnfjord er rikt og variert, og omfattar svært mange brukarar og publikum. Likevel ligg budsjettet til kulturtenestene for Sunnfjord under gjennomsnittet for kommunar vi kan samanlikne oss med. Analyseselskapet Agenda Kaupang skriv dette: «Sunnfjord brukte omtrent 1.400 kroner per innbyggjar til kultur og idrett i 2018. Det var 700 kroner mindre enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 13. Forskjellen utgjør 16 millioner kroner. Utgiftene til kultur er redusert med omtrent 100 kroner per innbyggjar de siste tre år.»

Sunnfjord kommune vil vere den største kulturkommunen mellom Bergen og Ålesund, og er vertskap for tunge kulturinstitusjonar som Sogn og Fjordane Teater, Førdefestivalen, Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Sunnfjord Museum, Eikaasgalleriet, Astruptunet og fleire. Her har kommunen avtalar om faste driftstilskot, delvis gjennom avtalar med fylkeskommunen og staten.

Kulturfeltet er viktig både når det gjeld å posisjonere kommunen i det nye Vestland fylke, og for å skape felles identitet og samhold mellom innbyggjarane i Sunnfjord kommune. Sunnfjord og kommunesenteret Førde har òg stort potensiale i å utvikle seg vidare som vertskapsby for kulturinstitusjonar og kultur- og idrettsarrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå.

Mykje av kulturaktivitetane i kommunen er drivne på dugnad. Dette er svært positivt og ein stor verdi i seg sjølv. Kvar offentleg kulturkrone løyvd utløyser stor meirverdi i form av frivillig innsats. Frivillig kulturliv er likevel avhengig av profesjonelle krefter, mellom anna som instruktørar, dirigentar, idrettsleiarar m.v.


På kulturområdet har nivået og måten ein organiserer tenestene på fungert svært ulikt i dei fire kommunane som no slår seg saman. Talgrunnlaget for tenestene i 2020 er noko usikkert, då utgifter til kulturområdet har vore ført på mange ulike postar i dei respektive kommunane sine budsjett.

I budsjettet for 2020 har ein som utgangspunkt å vidareføre tenestenivået på 2019-nivå for på alle einingane.

Kultur og ungdom

Kultur og Ungdom har ansvar for kulturhusdrifta og kinotilbodet i Førdehuset. Eininga har òg ansvar for ungdomsklubben i Skrivarløa, ungdomsarbeidet og kulturtilbod i resten av Sunnfjord kommune. I budsjettframlegget ligg inne vidareføring av drifta av kinotilbod og kulturarrangement i Førdehuset, samt ressursar for å vidareutvikle tilbod i heile Sunnfjord kommunen innan ungdomsarbeid og kulturarrangement.

Kultur og ungdom overtar 2,27 årsverk vaktmeistrar som var tilsett på FDV i Førde kommune. Dermed tar eininga over ansvaret for vertskap i Førdehuset på vegne av dei



andre kultureiningane. Eininga får òg overført ei 20% stilling til ungdomsarbeid, som tidlegare har lege under helsesektoren til ungdomsarbeid i Naustdal.

Budsjettet omfattar ungdomsleiar i heil stilling som har ansvar for drift av Skrivarløa, UKM, Dans utan Grenser og Ungdomsråd. Ungdomsleiar deltar aktivt i SLT-arbeidet (Samordning av lokale rus- og kriminalitetsforebyggande tiltak).

Det ligg inne ein auke i oppgradering av teknisk inventar og utstyr i Førdehuset på totalt 470 000 kroner, noko som er naudsynt for å halde oppe nivået av service til faste og eksterne leigetakarar.

Budsjettet omfattar faste driftstilskot til musea, Sogn og Fjordane Teater og Førdefestivalen, som kommunen er vertskommune for.

Idrett og friluftsliv Eininga

har ansvar for:

- drift og utleige av kommunale idrettsanlegg ute
- utleige, utstyr og aktivitetsflater knytt til idrettshallane
- utstyr og drift av badeanlegget i Førdehuset
- handsaming av spelemidlar og kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- friluftsliv: statleg sikra friluftsområder, prosjekt og sakshandsaming
- oppfølging av Sunnfjord idrettsråd

Framlegget til budsjett tek sikte på å oppretthalde tenestetilbodet på dagens nivå, og er bygd på eksisterande budsjett i dei fire kommunane som no slår seg saman. Dette inneber at drift av anlegg, og tilskot til dette, leigeprisar, treningsavgifter m.m. ikkje er harmonert i dei fire kommunane. (Sjå uløyste utfordringar nedanfor.)


Det er lagt inn driftsutgifter til dagsturhyttene som ikkje tidlegare har vore inne i budsjettet.

Kulturskulen

Kulturskulen vil få eit spanande 2020 med innviing av nytt bygg i Førde. Skulen har 26 lærarar og musikarar som tilbyr kunst- og kulturtenester i heile kommunen, med undervisning to stader i Jølster og Gaular, og éin stad i Naustdal og Førde. Skulen har i dag 550 elevar. Kulturskulen samarbeider breitt med det frivillige og profesjonelle kulturlivet, med helse, skule og barnehage, og er eit ressurscenter for heile regionen.

Budsjettet inneber drift av kulturskulen i heile kommunen basert på dagens tilbod i dei fire kommunane som no slår seg saman. Lønskostnader til to nye distriktsmusikarstillingar som vart tilsett pr. 01.08.2019 utgjer auke i lønskostnader i høve til tidlegare.

Nye utleigemoglegheiter med ny kulturskule og potensiale for auka sal av distriktsmusikartenester utgjer samstundes eit auka inntekspotensiale. Ein viss auke ligg inne i budsjettet. Ei ytterlegare satsing på utleigeverksemd vil òg krevje administrasjonsressurs for å handtere dette.



Det er ei utfordring at det er svikt i sal av tenester til skule. Dette vert delvis kompensert med at ein tar inn fleire elevar. Inntekter av sal til kulturskuletenester i Naustdal og Gaular kommunar fell vekk i og med at Kulturskulen no dekker heile kommunen, samstundes som utgiftene desse kommunane har hatt no ligg inne i budsjetttramma for Kulturskulen.

Det er lagt inn 25 friplassar til ein kostnad på 100 000 kroner. Vi ser ein auke i tal elevar som ikkje har råd til å nytte seg av kulturskuletilbodet. Friplassar kan bøte på dette. Retningsliner for tildeling av friplass skal utarbeidast.

Bibliotek

Drifta av biblioteka er styrt av biblioteklova, og skal fremje opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd, aktiv formidling, gratis bibliotektenester for alle, legge vekt på kvalitet, allsidigheit og aktualitet. Biblioteka skal vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt.

Alle biblioteka i Sunnfjord kommune ligg i offentlege bygg som skular, rådhus og kulturhus. Biblioteka i Naustdal og Vassenden er kombinasjonsbibliotek med grunnskule. Budsjettforslaget legg til grunn vidareføring av gjeldande drift ved biblioteka i Naustdal, Førde, Skei, Vassenden, Viksdalen og Sande.

Biblioteka i Sunnfjord arbeider prosjektbasert for å skape ei positiv utvikling av bibliotektenesta. I 2020 vil vi vere avhengige av budsjetterte eksterne prosjektmidlar for å oppretthalde driftsnivået for arrangement og aktivitetar.

Det er uavklart om biblioteket vil få auka lisensutgifter knytt til fylkessamanslåinga. Det er budsjettert med utgifter på dagens nivå på dette området. Det er inngått ein ny transportordningsavtale for bibliotek i Vestland fylke som inneber ein auka kostnad på ca. 44 000 kroner.


Ikkje løyste utfordringar i sektoren

Kultur og ungdom

Den eldste delen av Førdehuset er frå 1976, og treng oppgradering. Uansett endeleg avgjerd om SOFTeater vert verande i Førdehuset eller flytter ut, vil det vere naudsynt med ein grundig tilstandsanalyse og ein moglegheitsstudie og utviklingsplan for kulturdelen i Førdehuset. Dette må òg sjåast i samanheng med planane for idrettsdelen (symjehall, evt. Førde Arena, utvikling av uteområdet og stadion m.m.)

Førdehuset har stort potensiale for energisparing med oppgradering av isolasjon, ventilasjon og styring. Kontordelen har potensiale for betre utnytting av areal ved ei oppgradering.

Kino Førde har utfordringar med utstyr der garantitida går ut i årsskiftet 2020/2021. Utskifting av kinomaskinar, lerret og lydanlegg vert naudsynt over tid. Full utskifting vil innebere ei investering på omlag 2,9 mill. kroner. Levering av reservedelar er garantert ut 2025, men ein



kan risikere auka kostnad om ein ikkje kjem med på Kinoalliansen sin leveringsavtale som vil bli klar i løpet av 2020.

Sunnfjord kommune eig kunstverk både innandørs og utandørs. Desse er berre delvis systematisk registrert og vedlikehaldne. Ein treng å gjere registrering av alle kunstverka i offentleg eige, og legge ein plan og ansvar for vedlikehald. Registrering og lagring i Norsk Kunstdatabase har ein kostnad på 45 000 kroner årleg, pluss registreringskostnader.

Det er under vurdering å skipe eit kulturforum for Sunnfjord kommune.

Idrett og friluftsliv

Driftskostnader ved nye, kommunale idrettsanlegg under oppføring/vedtatt oppført er, med unntak av anlegg i Jølster, ikkje inne i budsjettet for 2020. Vi viser her til nærare omtale under kapittel for Bygg og eigedomsforvaltning.

Drift av eksisterande anlegg, og tilskot til dette, leigeprisar, treningsavgifter med vidare er ikkje harmonert i dei 4 kommunane, og dei ulike ordningane er ikkje fullt ut kartlagt p.t. Det blir viktig å finne gode løysingar på dette framover, i samspel med brukarane, idrettslaga og politisk nivå. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som vil kome med eit framlegg om harmonisering av drift og utleigesatsar i løpet av første halvår 2020.

Sjølv om fleire hallar er planlagt og/eller er under oppføring, er det trong for fleire treningsarenaer for idretten. Idrettskrinsen, saman med Førde i.l.- turn og Våtedalen tindeklubb søker om årleg bidrag til leige av Dragehallen på 453 250 kroner, til bruk som basishall for turn og buldrehall for klatring. Dette ligg ikkje inne i budsjettet for 2020.


Sunnfjord idrettsråd er no skipa. Tidlegare har det berre vore idrettsråd i Førde kommune. Idrettsrådet har søkt om auka driftstilskot på 350 000 kroner, som det p.t. ikkje er budsjettdekning for. I første omgang er det gjort avtale om at eininga for Idretts- og friluftsliv tek på seg nokre sekretariatsoppgåver for idrettsrådet.

Det er under vurdering å skipe eit natur- og friluftforum for i Sunnfjord kommune.

Kulturskulen

Det er store forventningar til kva kulturskulen skal tilby av desentraliserte tenester i heile Sunnfjord kommune. Per i dag er tilbodet tilpassa den summen kommunane har gått inn med til kulturskuledrift i 2019. Eit utvida tilbod i tidlegare Jølster, Gaular og Naustdal kommunar vil krevje nye ressursar.

Det er eit mål å i stor grad kunne gje tilbod om undervisning i nærleiken av der kulturskuleelevane bur. Skulane som i dag vert brukt til dette er ikkje optimale for kunst og musikkundervisning. Det er eit ynskje at kulturskulen får ta del i prosessar når skular skal oppgraderast, ev. bygge nytt, slik at behova frå kunstfaga si side vert tatt med i betraktning tidleg i prosessen.



Kulturskulen i Sunnfjord kan òg ha eit stort potensiale framover som kulturelt ressurs- og kompetansesenter for ein større region, mellom anna når det gjeld talentutvikling og andre oppgåver. Ei ev. utvida satsing må sjåast i samheng med signal og føringar i den komande stortingsmeldinga for barne- og ungdomskultur og den nyleg framlagte rapporten «Kultur + skole = sant», utarbeida av Telemarksforsking og NTNU.

Bibliotek

Med noverande ressursar er det fagleg utfordrande å gje eit kvalitativt godt bibliotektilbod til innbyggjarane i heile kommunen. Korte opningstider gjer bibliotektilbodet er lite tilgjengeleg i avdelingane utanom Førde. Dette kan løysast med investeringar knytt til «meiroke bibliotek» ved fleire avdelingar enn Sande bibliotek.

Inventar og utstyr ved hovudbiblioteket i Førde og tre av bibliotekavdelingane er nedslite, og ein manglar viktig teknisk utstyr. Fylkesbiblioteket i Hordaland har i dag ei «modellbibliotekordning» der kommunen bidreg med 100 000,- i eigenandel. Denne ordninga tek ein sikte på å vidareføre i heile Vestland fylke 2020. Med fire utdaterte bibliotek bør ein arbeide for at biblioteka i nye Sunnfjord kommune kjem med i denne ordninga.

Støttefunksjonar knytt til drift av skulebibliotek, forfattarbesøk m.m. ligg ikkje inne i budsjettforslaget. Dette arbeidet har i perioden 2018-2019 vore gjort ved hjelp av tilskot frå skule og statlege prosjektmidlar. Ved kombinasjonsbiblioteka på Vassenden og Naustdal går drifta som i dag.

Tilskotsmidlar til kultur- og idrettsorganisasjonar og særskilde tiltak

Førde kommune har fordelt kulturmidlar til frivillige lag og organisasjonar. Sjølv om dette i stor grad er små, avgrensa tilskot, har dette vore gjort i Førde kommune i større grad enn i dei tre andre kommunane. Det er trong for å auke ramma for kulturtilskot for å kunne harmonisere støttenivået til frivilliglivet i heile kommunen. Samstundes vil ei slik harmonisering også måtte innebere krav om harmonisering av husleige for øvingslokale mv. Tilskotsmidlane ligg i budsjettet på ansvar 100.


Uløyste utfordringar i eit lengre perspektiv

Dersom Nynorskhuset vert realisert, vil det krevje auka driftstilskot frå kommunen si side til Sogn og Fjordane Teater – samstundes som ein må få kompensert tap av leigeinntekter kommunen no har frå teateret i Førdehuset. Det er viktig at denne satsinga ikkje går ut over tilbodet / rammene til det øvrige kulturlivet i Sunnfjord kommune.

Sunnfjord Museum og Astruptunet

Hus og inventar på Sunnfjord Museum er p.t. eigd av Førde Sogelag. Det er uavklart om eigedomane vil blir overdratt til Musea i Sogn og Fjordane eller evt. Sunnfjord kommune i framtida. Musea i Sogn og Fjordane vil halde fram med drift av museet som før.

Astruptunet er eigd av Jølster kommune. Sunnfjord kommune får overdratt eigedomen frå 01.01.2020. Det er planar om utbygging av visningssenter og restaurering av husa m.m.



Sunnfjord kommune vil få ei rolle i utbyggingsplanane. Musea i Sogn og Fjordane har driftsansvar for eigedomen og samlingane.

Gamlebanken i Førde

Gamlebanken i Førde var brukt til Førde kulturskule, og står no tom. Den vil framleis vere i kommunen si eige. Det er trong for strakstiltak og renovering både innvendig og utvendig for å bevare huset og legge til rette for ny aktivitet. Ein er no inne i ein prosess for å avklare kva aktørar og aktivitetar som i framtida kan fylle huset. Både helse- og omsorgssektorane og ulike kulturaktørar og andre har meldt interesse for å nytte huset.


Kulturminneplan

Førde og Naustdal kommunar har utarbeidd kulturminneplanar. Det er usikkert om Gaular får ferdigstilt sin kulturminneplan i løpet av 2019. Jølster kommune har ikkje utarbeidd kulturminneplan.

Teknisk og miljø

Budsjettråme for sektoren: 87 mill. kroner
Øyvind Bang-Olsen Tal årsverk i sektoren:

Tal einingar i sektoren: 6 Kommunalsjef:
174,6



Organisering av sektoren

Sektoren femnar om viktige samfunnsområder som dagleg møter innbyggerane. Høg kvalitet på tenester for innbyggerane er hovudoppgåva og målet til sektoren. Sektoren vil medverke til langsiktig tilrettelegging og planlegging for bustader, næring og samferdsel. Sunnfjord kommune sitt arbeid med klima og miljø vil bli koordinert frå sektoren.

Sektoren er organisert med 6 einingar etter naturleg fordeling av oppgåver mellom fag- og funksjonar.

Areal og byggesak sine ansvarsområde består av byggesak, utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplanar og regulering. Eininga har også ansvar for kommune sine GIS system og oppmåling.

Landbruk og miljø består av fagområde knytt til skog, landbruk, utmark. Eininga har også ansvar for miljø, forureining, klima og vassforvaltning.

Bygge og eigedomsforvaltning sine ansvar femnar om vedlikehald og drift av kommunen bygg- og uteområde. Eininga har også ansvar for å prosjektgjennomføring av nybygg og rehabilitering. Drift og utvikling av kommunen sin bustader er lagt til eininga.

Brann og redning består i Sunnfjord kommune av brannberedskap, brannførebygging og feiing.

Teknisk drift har ansvar for kommunens sin infrastruktur og tekniske anlegg. Vassforsyning og avløpsanlegg ligg til eininga. Eininga har også ansvar kommunale vegar, veglys og parkanlegga i Sunnfjord Kommune.

Reinhald og vaskeri er i Sunnfjord kommune skilt ut som eiga eininga. .

Sektoren har 6 årsverk færre enn dei fire gamle kommunar. Budsjettframlegget byggjer på 174 tilsette. Fordeling av tilsette går fram av tabellen under. Ny kommune har fordelt oppgåvene og tilsette på ein annan måten enn dei 4 «gamle» kommunane. Likevel er det også gevinstar i form av færre tilsett i ny kommune. Etablering av ny struktur for assisterande leiar, fag- og driftskoordinatorar er også gjennomført innanfor årsverksramme.


Tabell : Årsverk teknisk og miljø – Sunnfjord kommune i høve 4 kommunar

	4 kommunar	Sunnfjord
	Bud 2019	Bud 2020
Bygg og eigedomsforvaltning	33,3	30,6
Reinhald og Vaskeri	73,3	73,1
Teknisk drift	30,0	28,5
Landbruk og Miljø	11,3	10,0
Brann og Redning	10,7	12,6
Areal og Byggesak	21,7	19,4
	180,3	174,2

Omtale sektoren sitt framlegg til budsjett for einingane

710 Bygg- og eigedomsforvaltning (BEF)

Budsjettet byggjer på postane eininga har ansvar frå dei 4 kommunane. Det lagt inn 30,6 årsverk. Eininga har 1 årsverk til leiar, 1 assisterande einingsleiar, 2 driftskoordinatorar og 1 fagkoordinator. Leiarfunksjonane er budsjettert innanfor tildelt årsramme. Prosjekt-avdelinga har 2 tilsette, i tillegg til 1 fagkoordinator. Bustadavdeling har 2 årsverk, i tillegg til driftskoordinatoren. Dei andre tilsette jobbar som vaktmester på kommunale bygg. Eininga har budsjettert under stipulert ramme.



Alle budsjettpostar som går på drift og vedlikehald er samla og fordelt på nytt med utgangspunkt i en fordelingsnøkkel: 30% av totalsummen er ført på vedlikehald og 70% på drift. Denne fordelingsnøkkel er godt gjennomtenkt, men bør revurderast i løpet av 2020 for å kunne vere endå meir nøyaktig på kostnadsfordeling mellom drift og vedlikehald. I tillegg er det brukt en fordelingsnøkkel per tenesteområde. Kostnadane er fordelt ut frå tal tilsette som jobbar med drift- og vedlikehald og kvm per type bygg. Fordelingsnøkkel må revurderast og oppdaterast dei kommande åra for å få ei betre oversikt over fordeling av kostnadane.

Det er utarbeidd brukaravtale mellom einingane som til dagleg nyttar bygga. Avtalen regulerer ansvars- og oppgåvefordeling.

Det har vore forskjellige løysningar knytt til reparasjon og utlevering av hjelpemiddel i dei 4 kommunar. Bygg og eigedomsforvaltning held fram med desse oppgåvene.

Eininga har sett av midlar til å bidra til ei vaktordning på Førdehuset. Endeleg vaktordning er ikkje på plass endå.


Eininga har også ansvar for byggeprosjekt og større rehabiliteringsoppgåver. Sunnfjord kommune får større kapasitet til å gjere oppgåver der vi tidlegare måtte kjøpe tenester. Eininga ser føremoner og vil kunne oppnå innsparingar med koordinering og felles innkjøp av serviceavtalar i bygg.

I 2020 bør det utarbeidast felles husleigeprinsipp og oversyn over vilkår for drift/tildeling av bustader.

720 Reinhald og Vaskeri

Eininga har 93 tilsette fordelt på 73,58 årsverk. Eininga har 1 assisterande einingsleiar og 1 driftskoordinator. Leiarfunksjonane er budsjetter innanfor årsverksramma. Budsjettet er mykje større enn den tildelte ramma då det var mange stillingar som ikkje var komme over i rett eining. Det er nytta forskjellige reinhaldsartiklar og utstyr i dei 4 kommunane. Ny eining skal nytte e-handel og gjeldande innkjøpsavtalar ved bestilling på alle reinhaldsartiklar. Dette vil gje gevinstar. Vi skal levere like tenester i heile kommunen. Sidan mange av reinhaldarane arbeider på fleire stader kvar dag, blir dette ei utfordring for å få arbeidskabalten kvar dag til å gå opp. I Førde og til dels i Jølster arbeider dei tilsette på dagtid. Dette skal også innførast i Gaular og Naustdal. Det ligg fordeler i samordning av arbeidsmåte og omlegging til dagtid. Ei slik ordning blir opplevd som meir personalvennleg og gjev betre høve til å koordinere arbeidet mellom bygga. Det har vore ei utfordring å få oversyn i måten kommunane har budsjettert reinhald på.

730 - Teknisk drift.



Det er sett av 1,5 årsvek til drift av parkanlegg og 9,8 årsverk til oppfølging av veganlegga/leiing. I arbeidet med ny kommune er det lagt stor vekt på å finne og realisere gevinstane av kommunesamanslåinga, og samordninga av organisasjonar og tenesteproduksjon, innanfor tildelt råde. Ramma har også gitt rom for ein liten auke i driftsutgiftene som følgje av at maskinar og utstyr skal brukast oftare og over større område. Eininga har budsjettert med overtid, ma. ved klimarelaterte hendingar. Vegvedlikehaldet er halde på same nivå som i dei fire kommunane i 2019.

740 Brann og redning

Eininga har årsverksramme på 12,4, inkl. 80 deltids brannmannskap. Budsjettframlegget er basert på budsjett tal for 2019 for teneste 33910 Brannvesenet frå dei 4 kommunane. Brannberedskapen på dei 5 brannstasjonane i ny kommune er basert på gjeldande forskrifter og dei stasjonar vi har i dag. Det blir lagt opp til 16 mannskaps bemanning, inkludert 4 utrykkingsleiarar, på brannstasjonane. Det vil bli gjennomført ROS-analyse for dokumentasjon av konklusjonar i brannordninga. Samordning med teknisk vakt i høve beredskap, vert vurdert.

Feiarvesenet får auka stillingsressursen frå 400 til 500%. Dette for å ivareta forskriftkrav frå 2016 om feiing og tilsyn av fritidsbustader og stølshus. Del feiing vil gå ned grunna mindre sot frå reinbrennande omnar, medan del bustadtilsyn vil auke som eit brannførebyggjande tiltak. Tenester.

Budsjettet er innanfor ramma. Det har ikkje vore tid til å få oversyn over alle føresetnader i budsjetta til kommunane før reforma.

750 Areal og Byggesak

Eininga har 19,5 årsverk til saman, 7 som jobbar med plan, 6 arbeider med byggesak og 5 tilsette som skal drive med oppmåling/GIS. Arbeidet med sjølvkost, har vore til god hjelp for å treffe betre på utgifter og inntekter. Deler av aktiviteten til eininga skal vere sjølvfinansierande gjennom gebyr. I praksis er dette vanskeleg å oppnå. I budsjettarbeidet er inntektene basert på sjølvkost og med den føresetnad å hente ut høgare inntekts del allereie frå nyttår. Rapporten frå Agenda Kaupang viser at kommunane har hatt låg del sjølvfinansiering. Budsjettet ligg derfor godt under tildelt ramme.

Det er elles lagt opp til å ha ei ambisiøs innstilling på planområdet. Den nye kommunen må tidleg sette i gang eit arbeid med mål om å få utarbeidd kommuneplan og det er sett av midlar til dette. Ny kommune må sette seg som mål å ha oppdatert planverk og setje inn tilstrekkeleg ressursar til å gjennomføre dette. Det er også viktig at vi som dagleg møter profesjonelle aktørar på den andre sida av bordet, sjølv er oppdatert på lovverk og anna forvaltning. Det er difor vidareført i budsjett til kurs.

Vi har ein utstyrsark som er forelda. Det er ikkje lenger mogleg å få deler til utstyret. Budsjettet tek omsyn til leasing utstyr. Gjennom om disponering av ressursar i sektoren er det mogeleg å styrke arbeidet med byggesak/plan med 1 årsverk. Sentrale mål for eininga vil være å yte fagleg gode tenester til publikum og næringa, samt halde tidsfristane.

760 Landbruk og Miljø

Sunnfjord kommune vil vere ein stor landbruks- og skogbrukskommune. Landbruksnæringa er viktig i Sunnfjord, ikkje berre i tal einingar, men også for industri som er avhengig av høg landbruksproduksjon i regionen. Eininga har 10 årsverk. Dei tilsette dekkjer fagområda skogbruk, landbruk, vassdragsforvaltning, viltforvaltning, miljø, klima, veterinærtenester. Eininga er også tillagt oppgåver innan miljø. Dette vil vere både overordna oppgåver og forvaltningsoppgåver knytt til m.a. forureining. Oppfølging av plan for klimaomstilling vil vere ei viktig oppgåve, både internt og mot lokalsamfunnet forøvrig. Lønsbudsjetter er korrigert i forhold til tilsette som ikkje var med i opprinneleg oversikt. Dette har gjort at ramma måtte justerast.

770 - VAR (Vatn, avløp, renovasjon)

Det er lagt stor vekt på å realisere gevinstane av kommunesamanslåinga og legge opp ei drift i samsvar med rammene. Det er budsjettert med 17,2 årsverk. Budsjettet er basert på føresetnad om uendra samla gebyrinntekter. Når vi no blir til ein kommune, er gebyrsatsane revidert, og rekneskapen justert opp mot nye føreslegne gebyrsatsar. Brutto gebyrnivå i dei 4 kommunane er vidareført.

I framlegg til budsjett er det endra fordeling av personell frå Veg og park til VAR, med bakgrunn i faktisk forventa ressursbruk, knytt til handtering av overvatn. Det er teke omsyn til naudsynt og svært ressursparande oppgradering og samankopling av styrings- og driftskontrollanlegga.

Budsjettet fordelt på 6 einingar har ei brutto ramme på 280,4 mill. kr. Inntektene i sektoren utgjer 193, mill. kr. Det er husleigeinntekter og gebyrinntekter som utgjer dei stor inntektspostane

Tabell : Oversyn over rammer – teknisk og miljø (1.000 kr)

	Utgifter	Inntekter	Netto
Bygg og eigedomsforvaltning	69 330	61 401	7 929
Reinhald og Vaskeri	45 693	751	44 942
Teknisk drift	28 067	4 689	23 378
Landbruk og Miljø	11 747	2 769	8 978
Brann og Redning	25 138	6 970	18 168


Areal og Byggesak	19 998	8 678	11 320
VAR	80 432	108 067	-27 635
SUM DRIFTSRAMMER	280 405	193 325	87 080

Ikkje løyste utfordringar i sektoren

- Bygg- og eigedomseininga har ansvar for bustader. Kommunane har heller ikkje felles praksis for fastsetting av husleige, ma. er det ikkje felles retningslinjer for budsjettering av tapte husleigeinntekter når det tek tid å tildele husvære på nytt. Ressursar til vedlikehald er lågt, og då særleg ved ekstraordinære skader.
- Eininga har vidareført budsjettet for drift- og vedlikehald frå dei 4 kommunane. I 2019 hadde dei vedlikehaldsbudsjett på ca. 50 kr per m² bygningsmasse. Anbefalt nivå er 200 kr. pr. kvm. For å unngå verdi reduksjon av kommunens bygningsmasse er det i framtida nødvendig å auke årleg vedlikehaldsbudsjett.
- Det er behov for ei vedlikehaldsteam (ca. 4 fagarbeidarar som dekker heile Sunnfjord kommune), som skal ha fokus på utføring av større oppgåver innan vedlikehald.

Oppgåver som det per i dag blir leigd inn til eller blir utsett på grunn av manglande ressursar.


- Det er ikkje sett av ressursar til byggdrifta av nye kulturskulen. Det bør setjast av ein 40-50% stilling til drift av kulturskule og ein budsjettpost til drift- og vedlikehald av kulturskulen. Det er heller ikkje sett av ressursar til drift og vedlikehald av nye hallar i Gaular og Førde. Det er budsjettert med reinhald og vaktmestertjeneste for to nye hallar i Jølster.
- Sunnfjord kommune vil kome til å få utfordringar på byggesak, plan og GIS. Det er store oppgåver som venter oss. Kommuneplanen sin arealdel vil krevje menneskelege ressursar samt økonomi til oppfølging. Vi vil oppleve at det regimet vi skal bygge innan plan- og byggesak, vil utfordre innbyggjarane annleis enn det regimet kvar kommune enkelvis har utøvd fram til i dag.
- Vi manglar 1,6 årsverk til brannførebygging, 1 årsverk som områdeleiar for stasjonane og 2 årsverk innan beredskap i høve organisasjonsplanen.
- Det er ikkje lagt opp til vaktordningar på brannstasjonane, utanom Førde. Ei 4-delt døgn vakt har ein årleg kostnad på kr 600.000 pr. stasjon.
- Investering i bilklippeutstyr til Vassenden Brannstasjon – kr. 300.000,-

- 
- Garderobetilhøva på brannstasjonane på Vassenden og Skei er mangelfull grunna mangel på skilje mellom rein-/urein sone og dusj/wc-tilhøva. Det bør etablerast garderobe for begge kjønn ved brannstasjonane.
 - Brann- og redning manglar branntankbilen på Skei, og mannskapsbil på Sande.
 - Brann og redning har stort opplæringsbehov knytt til deltidsmannskap då det i tida som kjem vil vere mange som går av på grunn av alder.
 - Budsjettet tek ikkje omsyn til eigen ressurs knytt til parkområdet. Sunnfjord kommune har så store uteareal at kommunen bør ha fagkunnskap til park og uteområde. Kommunen bør ha 1 årsverk som har fagbrev som gartner.
 - Prognose i 2019 for vedlikehald på vegar for dei fire kommunane ligg 2,5 mill. kr. over budsjetta.
 - Det bør settast av midlar til tiltak, prosjekt og deltaking i forskingsprosjekt knytt til miljø- og klimarelaterte oppgåver, mellom anna oppfølging av Klimaomstillingsplanen.

Kommunedirektør, stab og støtte

Budsjettråme for sektoren: 245 mill. kroner Tal
kommunedirektør: Lise Mari Tal årsverk i

einingar i stab: 7 Assisterande
sektoren: 120,2 Haugen



Organisering av sektoren

Ansvar 100 Kommunedirektør omfatter budsjett til folkevalde, revisjon, administrativ leing, felleskostnad til IKT, budsjettmidlar til lønsauke, tilskot til private barnehagar, skuleskyss og tilskot til kyrkjeleg fellelråd.

Ansvar 110 Personal omfatter omfatter personaladministrasjon, HMT (Helse, Miljø og Tryggleik) og tillitsvaldordninga.


Ansvar 115 Service er ei ny eining. Eininga sine hovudoppgåver er dokumentcenter, servicetorg, politisk sekretariat og ansvar for digitalisering.

Ansvar 120 SyS IKT drifrar felles datasenter, forvaltar utstyr og yter driftstenester for samarbeidskommunane Askvoll, Solund, Hyllestad, Fjaler, Høyanger, Gaular og Sunnfjord. Nye kommunar inn i samarbeidet er Vik, Sogndal, Leikanger og Balestrand. Eininga budsjetterer med utgifter finansiert med refusjon frå kommunane inkludert Sunnfjord.

Sunnfjord sin del av kostnaden i SyS IKT er budsjettert på ansvar 100 Kommunedirektør, og utgjør 9,4 mill. kroner.

Ansvar 130 Rekneskap, løns og skatt sine hovudoppgåver er å føre rekneskapan for Sunnfjord kommune, Sunnfjord kyrkjelege fellelråd, Vestland revisjon, Sunnfjord og ytre Sogn interkommunale legevaktssamarbeid og SEKOM. Eininga har og ansvar for å føre skatterekneskapan for Sunnfjord kommune, og innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift. Eininga utfører og arbeidsgjevarkontroll for Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Sunnfjord kommune.

Ansvar 140 Fagutvikling si hovudoppgåve er å yte støttetenster for leiarane i høve strategi og utvikling, planarbeid og koordinering. Vidare har eininga oppgåve som prosjektkontor for kommunen sine utviklingsprosjekt. I tillegg har eininga ansvar for å tilby støttetenster til alle kommunane i regionen (tidlegare Sogn og Fjordane fylke) gjennom Utviklingssenteret for



sjukeheim og heimetenester i Sogn og Fjordane og fellesstillinga «interkommunal samhandlingskoordinator).

Ansvar 150 Næring og samfunnsutvikling vil ha ansvar for den utadretta verksemda til kommunen. Både engasjement knytt til stadutvikling i grendene (nærmiljøråd) og ansvar for regionrådet (Samarbeidsrådet i Sunnfjord – SiS) er eininga sitt ansvar.

Ansvar 160 Kommuneadvokaten utfører juridisk tenester, rådgjeving innkjøp og grunnnerverv.

Omtale sektoren sitt framlegg til budsjett for einingane

Det er vore krevjande å budsjettere stab og støtteiningane. Desse funksjonane har vore løyst ulikt i Førde, Naustdal, Gaular og Jølster. Det er derfor usikkert om alle forhold og avtaler er fanga opp og budsjettert.

Godtgjersle for folkevalde er budsjettert i samsvar med vedtak i sak i Fellesnemnda om Reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår i Sunnfjord kommune.

Tilskot til private barnehagar er budsjettert med totalt 70,4 mill. kroner. Det er ein auke på 1,7 mill. kroner utover normal pris- og lønsvekst på grunn av vekst i tal barn i private barnehagar i Gaular og Jølster.

Tilskot til kyrkjeleg fellesråd er budsjettert med totalt 15,7 mill. kr. Auken frå 2019 utgjør pris- og lønsvekst.


I statsbudsjettet ligg det no inne forslag om å overføre oppgåvene med skatterekneskapen, innkrevjing av skatt og arbeidsgjevarkontrollen til staten med verknad frå juni 2020. Dersom dette vert gjennomført, vert 6 tilsette overført frå Sunnfjord kommune i juni 2020.

Det er lagt inn ei forventning om tilskot til SiS i samsvar med tidlegare praksis. Det er ikkje avklart om dette vil bli vidareført i Vestland fylke.

Det er budsjettert med 24/25 lærlingar fordelt på desse områda:

- 18 lærlingar + 1 lærling i 5 mnd i omsorg. Sektoren er tildelt 1,3 mill. kroner frå lærlingpott for å finansiere delar av kostnad.
- 1 lærling i kultur og idrett. Sektoren er tildelt 70.000 kroner frå lærlingpott.
- 4 lærlingar i barnehage. Desse er ikkje budsjettert. Desse vil bruke resterande lærlingpott på 230.000 kroner.
- 1 lærling i SyS IKT. Lærlingen er finansiert innanfor samla budsjett til SyS IKT.

Det er budsjettert vakanse i stilling på 2,3 mill. kroner i stabane i 2020.



Ikkje løyste utfordringar i sektoren

Kyrkjeleg fellesråd har meldt behov for auka overføring for å behalde medarbeidar i administrasjonen og for auke i tal møte og dermed auka møtegodtgjersle. Det er ikkje lagt inn auke i overføring til kyrkjeleg fellesråd for å finansiere desse tiltaka.

- Over år har det vore lite ressursar i kyrkjeadministrasjonen i Førde. Det diverre mykje som ikkje er på stell, m.a. arkiv generelt, gravkart og gravregister. Kostnad til 40 % stilling er kalkulert til ca. 250.000 kroner inkludert sosiale kostnader.
- Soknerådsstrukturen er ikkje endra som følgje av kommunesamanslåinga. Det er ynskjeleg å harmonisere møtegodtgjersla for alle sokneråda. Første året med nytt fellesråd for storkommunen, må vi pårekne ekstra mange saker og dermed fleire møte enn normalen. Her vil og kome krav om tapt arbeidsforteneste. Kostnad er berekna til 155.000 kroner.


Det er ikkje budsjettert midlar til nye brukarar innan helse og omsorg i 2020.

Det er ikkje budsjettert midlar til å delta i innkjøpssamarbeid i Sogn og Fjordane. Ei arbeidsgruppa har utgreia mogleg samarbeid etter at SFFI vert avslutta 31.12.2019. Det vert lagt fram eiga politisk sak om dette i Sunnfjord kommune.

Søknad frå turn og klatremiljøet i Førde om at kommunen leiger Dragehallen for 1 mill. kr + 0,2 mill. kr i driftsutgifter - 0,5 mill. kr i leigeinntekter er ikkje imøtekomen. I realiteten ein søknad om årleg driftstilskot på 0,7 mill. kr. Innspelet må vurderast i økonomiplanprosessen våren 2020.

Det er ikkje løyvd tilskot til utvikling i Sognefjorden kystpark/ prosjekt UNESCO Global GEO park. Det er søkt om kr 75.000- 125.000 kr.

Det er ikkje budsjettert midlar til nærmiljøråda i 2020. Dei fekk 50.000 kroner kvar i 2019.



DEL III - INVESTERING

Investeringsplan 2020-2023

Bakgrunn for investeringsplan

Investeringsplan for Sunnfjord kommune 2020-2023 tar utgangspunkt i gjeldande økonomiplanar i kommunane Jølster, Naustdal, Gaular og Førde for 2019 – 2022.

Fellesnemnda har vedteke handlingsregel om at lånegjelda ikkje skal auke i planperioden. Denne regelen er lagt til grunn i forslag til investeringsplan for perioden.

Årleg avdragskostnad utgjer 80,9 mill. kr. Bruk av disposisjonsfondet er lagt til grunn i samsvar med årleg avsetjing i driftsbudsjettet, dvs. 26,3 mill. kroner i 2020 aukande til 45,8 mill. kroner i 2023. I tillegg kjem meirverdiavgiftskompensasjon som utgjer årleg ca. 20-25 mill. kroner.

Jølster kommune har lagt til grunn sal av tomtar både i Sunnfjord næringspark og Smiehogen bustadfelt som finansiering av investeringar i planperioden. Oppstart av desse prosjekta må ha avklart finansiering innanfor budsjettåret før tiltak kan setjast i verk.

Det er ikkje gjennomført prosess med innspel av investeringstiltak hausten 2019. Fokuset i haust har vore driftsbudsjettet. Det er planlagt større fokus på investeringsplanen i arbeidet med økonomiplan 2021-2023. Dette arbeidet skal gjennomførast våren 2020.

Det viktige no er investeringsbudsjettet for 2020. Kommunestyret gjev løyve til oppstart av desse prosjekta når budsjettet vert vedteke i desember 2019.

Det blir nødvendig å kome tilbake med revidering av investeringsbudsjett 2020 då Naustdal og Jølster ikkje har budsjettert eigenkapitalinnskot til KLP nokon av åra i investeringsplanen. For kvar av desse kommunane utgjer innskotet årleg 700.000 – 900.000 kr.

Det er føreteke forskyving av vedtekte investeringar i Naustdal og Gaular i perioden med bakgrunn i at desse kommunane har lagt opp til auka låneopptak utover det kommunane årleg betalar i avdrag. Friskhus i Naustdal og skulebygga i Gaular er skyvd utover i økonomiplanperioden i samsvar med det kommunane har betalt i årleg avdrag.

I 2023 er det budsjettert med midlar til prosjekt som er flytta utover i planperioden. Utover desse to prosjekta i Gaular og Naustdal er det ikkje teke stilling til resterande investeringsramme på 108,4 mill. kroner. Dette vert først gjort i økonomiplanprosessen våren 2020.

Investeringsplan 2020-2023 (ajourført i samsvar med KST-vedtak-038/19)

Eining	Investeringstiltak	2020	2021	2022	2023
Rådmann, Førde	Førdepakken	27 945	27 945	27 945	
Rådmann, Førde	Førdepakken - anleggsbidrag	-2 500	-2 500	-2 500	
Rådmann, Førde	IKT-investering	1 100	1 100	1 100	
Rådmann, Førde	Eigenkapitalinnskot KLP	2 400	2 500	2 600	
Kyrkjå, Førde	Blomreina			3 500	
Skular/ barnehagar, Førde	IKT	1 100	1 100	1 100	
Legetenesta og rehab., Førde	Inventar og utstyr nytt legesenter	200	200	200	
Helsetunet, Førde	Kjøkkenmaskiner/ maskiner	200	200	200	
Helsetunet, Førde	Velferdsteknologi - helse og omsorg	125	125	125	
Kultur, Førde	Symjebasseng Førdehuset		16 765	19 860	

FDV/ skule, Førde	Ny hall ved Halbrend skule	25 885			
FDV/ barnehage, Førde	Tusenfryd barnehage - totalreovering eller nybygg		13 000		
FDV/ omsorg, Førde	Ombygging/tilpassing Helsetunet	1 500			
FDV/ omsorg, Førde	Planlegge institusjon/ omsorgsbustader	1 000		10 000	
FDV/ omsorg, Førde	Omsorgsbustadar 10 stk - auke til 15 stk - sjølvkost	34 290			
FDV, Førde	Enøk-tiltak	780	3 820	1 100	
FDV, Førde	Kommunale bygg	2 200	1 000	1 000	
FDV, Førde	Universell tilrettelegging kommunale bygg	1 000	1 000	1 000	
FDV, Førde	Vedlikehald symjehall	1 100	1 100	1 100	
Byggesak- og arealforvaltning,	Eigendel til sykkelparkeringsprosjekt	125	125	125	
Teknisk drift, Førde	Eigenandel trafikktryggleikstiltak	625	625	625	
Teknisk drift, Førde	Asfaltering av vegnettet i sentrum	800	800	800	
Teknisk drift, Førde	Fast dekke/ asfalt på grendavegar	800	800	800	
Plan og næring, Jølster	Svømmehall Førde		2 400		
Plan og næring, Jølster	Sunnfjord Næringspark	20 000	20 000	20 000	
Plan og næring, Jølster	Smiehogen	10 000	8 000	4 000	
Rådmann, Naustdal	Friskhus		10 100	13 500	25 000
Rådmann, Naustdal	Uteareal/ parkering frisksenter		1 000	11 500	
Rådmann, Naustdal	Helgåsvegen	2 400			
Rådmann, Naustdal	Svømmehall Førde		2 400		
Kommunedirektør	Planleggingsmidlar til Sande skule og Førde barnesku	2 000			
Teknisk drift, Gaular	Rassikring Skagekleiva	2 500			
Teknisk drift, Gaular	Trafikktryggleiksplan - tiltak	3 750	3 750	3 750	
Teknisk drift, Gaular	Skulebygga i kommunen		7 500	7 500	25 000
Teknisk drift, Gaular	Hestad kapell			3 750	
Teknisk drift, Gaular	Gaular idrett og fritidspark, Bygstad	11 875	8 125	1 630	

Skulesjef, Gaular	IKT - utstyr skule og program / nytt program	2 500	2 500	2 500	
Skulesjef, Gaular	IKT - utstyr barnehage og program / oppdatering	250	250	250	
Gaular	Inventar og utstyr skule og barnehage	250			
Gaular	Tekniske hjelpemiddel 2015	125	125	125	
Helse, Gaular	GBS, aggregat sjukeheim 2015	3 750			
Teknisk drift, Gaular	Oppsetting av gatelys	1 250	1 250	1 250	
Rådmann, Gaular	Kapitalinnskot KLP	700	700	700	
Alle	Udisponert pott				109 012
	SUM	162 025	137 805	141 135	159 012
	NETTOSUM ETTER MOMSKOMPENSASJON	138 409	118 173	120 057	127 210
VAR, Førde	VAR	3 850	9 350	9 350	
VAR, Gaular	VAR	6 000	6 000	6 000	
	SUM VAR	9 850	15 350	15 350	0
	Sal / bruk av investeringsfond				
Plan og næring, Jølster	Sal av tomter Sunnfjord næringspark	-10 000	-10 000	-10 000	
Plan og næring, Jølster	Sal av bustadar	-6 000	-4 000		
Plan og næring, Jølster	Sal av tomter Smiehogen bustadfelt	-6 500	-3 250	-3 250	
	SUM overføring til investeringsfond	22 500	17 250	13 250	0
	Bruk av fond kapitalinnskot	700	700	700	
	SUM bruk av investeringsfond	-23 200	-17 950	-13 950	0
	SUM LÅNEBEHOV	125 059	115 573	121 457	127 210
	Tilskot Husbanken - omsorgsbustadar	-17 655			
	ÅRLEG AVDRAGSKOSTNAD	80 916	80 916	80 916	80 916
	BRUK AV DISPOSISJONSFOND	26 300	34 830	40 559	46 294
	UTVIKLING I LÅNEGJELD	0	0	0	0

Bevilgningsoversikt – investering


(ajourført i samsvar med kommunestyrevedtak 038/19)

Bevilgningsoversikt - invest. (budsjett)	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Investeringer i varige driftsmidler	171 175 000	152 355 000	155 585 000	159 012 000
Tilskudd til andres investeringer	100 000	100 000	100 000	-
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	3 100 000	3 200 000	3 300 000	-
Utlån av egne midler	-	-	-	-
Avdrag på lån	-	-	-	-
Sum investeringsutgifter	174 375 000	155 655 000	158 985 000	159 012 000
Kompensasjon for merverdiavgift	23 804 000	19 459 000	21 060 000	31 802 000
Tilskudd fra andre	20 155 000	2 500 000	2 500 000	-
Salg av varige driftsmidler	22 500 000	17 250 000	13 250 000	-
Salg av finansielle anleggsmidler	-	-	-	-
Utdeling fra selskaper	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-	-	-	-
Bruk av lån	80 916 000	80 916 000	80 916 000	80 916 000
Sum investeringsinntekter	147 375 000	120 125 000	117 726 000	112 718 000
Videreutlån	50 000 000	50 000 000	50 000 000	50 000 000
Bruk av lån til videreutlån	50 000 000	50 000 000	50 000 000	50 000 000
Avdrag på lån til videreutlån	8 647 004	10 025 438	11 357 923	12 645 992
Mottatte avdrag på videreutlån	8 647 004	10 025 438	11 357 923	12 645 992

Netto utgifter videreutlån	-	-	-	-
Overføring fra drift	-	-	-	-
Netto avs. til eller bruk av bundne inv.fond	-	-	-	-
Netto avs. til eller bruk av ubundet inv.fond	27 000 000	35 530 000	41 259 000	46 294 000
Dekning av tidligere års udekket beløp	-	-	-	-
Sum overføring fra drift og netto avsetn.	27 000 000	35 530 000	41 259 000	46 294 000
Fremført til inndeckn. i senere år(udekket bel)	0	0	0	0

Investeringsprofil

Investeringsprofilen til Sunnfjord kommune viser ei stor satsing på veg og infrastruktur. Det er Førdepakken som utgjere hovudtyngda her. Vidare utgjer kultur og idrett ein stor del av investeringane. Kvar av dei fire kommunane har ulik profil. Dette er om talt i kapittel om økonomiplanar for Førde, Gaular, Jølster og Naustdal 2019-2022.



Investeringsprosjekt

Sunnfjord kommune står framfor vanskelege prioriteringar innanfor vedteken handlingsregel for nivå på investeringar. Førdepakken, utviding av Sunnfjord Næringspark, Friskhus i Naustdal og skulebygg i Gaular er dei største prosjekta i planperioden. I 2023 overtek kommunen Hafstad vidaregåande skule.

Finansiering


Låneopptak

Årleg låneopptak er 80 916 000 kroner. Dette er same beløp som kommunen har budsjettert i årleg avdrag. Lånegjelda vil på denne måten ikkje auke.

Fond

Det er budsjettert bruk av disposisjonsfond frå 26,3 mill. kroner i 2020 aukande til 46,3 mill. kroner i 2023. Dette er i samsvar med årleg budsjettert avsetjing til disposisjonsfond i driftsbudsjettet. Disposisjonsfondet vil på denne måten ikkje minke.

Det er i tillegg lagt til grunn bruk av kapitalfond på 700.000 kroner frå Gaular kommune.



Tilskot

Det er budsjettert tilskot frå Husbanken på 17,655 mill. kroner til omsorgsbustadar i Førde.

Sal av anlegg

Det er lagt til grunn sal av tomter og bustadar i Jølster med 22,5 mill. kroner i 2020 redusert til 13,25 mill. kroner i 2022. Oppstart av prosjekt finansert av desse salsinntektene må ha avklart finansiering innanfor budsjettåret før tiltak kan setjast i verk.

Kompensasjon for meirverdiavgift

Alle investeringsprosjekt er budsjettert med brutto utgift inkludert meirverdiavgift. Årleg meirverdiavgiftskompensasjon utgjer ca. 20-25 mill. kroner.